

# Norøgs Mållags elitegjengen i Nortes fyrbuing yver Norøgs Mållags elitegjengen

>Gode Trond

>Du vil ikkje draga noko positivt ut av at bok er interessant. Greidt nok.

- 2000

?? Ei bok kan vera interessant sjølv om lesaren ikkje er samd. Det er positivt. Sjølv har eg fått ein god del ut av henne, og eg har lese berre vaskesetelen! Poenget er at eg ikkje ser noko positivt i (det eg oppfattar som) politikken hans, på angrepet hans på den amerikanskje venstresida (han ser ut til å vera ein del av backlashsyndromet, og argumenterer mot det dei kallar "political correct", der høgresida først gir inntrykk av at dei stakkar er i ideologisk mindretal, for deretter å føre heroiske kamper mot venstresynet (pol.corr.) som eigentleg berre er forsvar for det amerikanske samfunnet sine stupide fordommar).

[om språkleg samling og trudgill, som honey er i mot]

>Eg meiner at eg konstaterar eit faktum. Men greidt å vita at du ikkje likar Språkleg Samling Trond !!

Når det er "greidt å vita" at eg er eg mot språkleg samling har eg tydelegvis eit kommunikasjonsproblem :-(

Eg meiner1: Srpåkleg samling er språkstridens sosialdemokrati. Sosialdemokrati er eg i mot, her som elles i politikken. Det er klassesamarbeid på den herskande klassen sine premiss.

Eg meiner2: Eg vil ha #ei# nynorsknorm, ei #fast# nynorsknorm, eg er skeptisk til dialektargumentasjonen og trønderlina, og eg vil ha nynorsk som einaste riksmaål i landet. At ein må seie slikt. :-)

>1 Meiner du at Honey's argumentasjon vil føra til at taparane vel bokmål og at nynorskprosenten held seg på same nivå ?

Det er #per definisjon# berre ressurssterke foreldre som medvite #vel# nynorsk til ungane sine, eller steinerskolen til ungane sine, ..., (det å ta medvite val betyr automatisk at ein er ressurssterk, ein må ha ressursar for å kunne ta val). Tverrsnittet av elevflokkene får nynorsk berre der det er nynorske skolekrinsar.

Taparane (dine ord) vel bokmål utan honey si hjelp, det nye er at han forsvarer valet deira, og bed raddispedagogar halde fingrane frå fatet.

Eg kjenner innvandrarar som vel bokmål heller enn nynorsk fordi dei får nok drit slengd etter seg som det er. Sjølv trur eg dei tar feil, i og med at nynorsk til ein viss grad har elitestatus her til lands, slik at dei faktisk kan skåre godt på å velje nynorsk. men dette krev ressursar som det norske samfunnet elles er flink til å plukke av dei.

>Me kann altso i heldigaste fall nå dei ressurssterke.

>Er det ikkje nett dei ressurssterke me når ? Akademikarane og borni deira.

Jo, det er det. Dette er ein av konsekvensane av bysatsinga. Viss du er nøgd med det er det forsåvidt greitt nok, Honey har meir ambisiøse mål på det sosialpolitiske området, han meiner han har omsut for dei ressurssvake,

og vil kritisere deg sterkt for det elitistiske synet ditt. La den akademiske eliten leike seg med nynorsk, vil han seie, så kan innvandrarar, arbeidarungar og andre få eit språk som om det ikkje automatisk kan gje dei makt så i alle fall ikkje treng vera eit hinder for å få det.

>Fint um du kann skriva klårare her. Eg veit ikkje um eg skynar kva du meiner.

Eg, på mi side, ser ikkje kva som kan vera uklårt med dette. Vi prøver ein gong til, og med teskei:

Honey argumenterer i ein amerikansk kontekst, mot lingvistar og andre raddisar som vil godta at dei svarte ungane snakkar "feil" (BEV), og ta utgongspunkt i språket deira i undervisninga. Han argumenterer for (med etterhald om at eg berre har lese vaksesetelen, men eg kjenner lusa på gangen) at dette er #feil#, at i og med at det (for han) er eit faktum at samfunnet ER fullt av språkdiskriminering og -undertrykking, bør underklasseungane lære seg overklassespråk for å komma seg opp og fram her i verda. Det er slike mekanismar som ligg til grunn for at 70% av austkantsentene men berre 30% av austkantsgutane brukte -en i staden for -a i feminine substantiv: Dei ville gifte seg fint, dei ville gjera det som jenter skal: #vera# noko fint, i staden for det som gutar skal: #gjera# noko fint. Parallelen til norsk vs. dansk for bondestudentane på Aasen si tid, eller til kvenane på 30-talet, bør vera meir enn klår nok.

>2 Kor mange språk vil døy ut i Afrika med standardengelsk upplæring ? evt >andre negative utfall.

Ikkje så mange enno, i og med at Afrika er for fattig til å halde seg med nok effektiv og drepane skoleopplæring (men med m.a. norsk u-hjelp får dei stadig fleire ABC-bøker frå engelske overskotslager, så det hjelper på). Det er 1400 språk i Afrika (Rolf Theil Endresen, sjølv trudde eg det var færre). I Nigeria er det 450, her blir 3 av dei brukt i skolen, dvs. det er litt motstridande opplysningar om korvidt dei bruker andre språk dei første par åra, med dei 3 (igbo, hausa, yoruba) blir raskt sett til side for engelsk. Det verste i første omgang er ikkje at språka dør ut (det tar litt lenger tid), men at dei ikkje blir utvikla til kulturspråk (dvs. til språk med skriftkultur, ordforråd for det moderne samfunnet, osb.). I Afrika står ikkje valet mellom standardengelsk og black english vernacular, men mellom standardengelsk, nasjonale afrikanske språk (swahili er det einaste med litt fritt her, OAU sine språk er engelsk, fransk, arabisk og portugisisk) og morsmål. Poenget mitt er at argumentet mot BEV og for standard engelsk gjeld like mykje her.

>3 Er dei svarte i t.d. interessert i å gjera revolusjon. Er det nokon som >vil det. Er ikkje det ei motsegjing til c ikkje ein gong i Liberia eller >New Zeland vil folk nyitta black English.

Nei, dei vil ikkje gjera revolusjon. Men det er ei overforlenkling å seie at dei "ikkje vil bruke black english". I Liberia snakkar i alle fall barnesoldatane (kunnskapen min om liberianske språktillhøve har eg frå skrekksreportasjer om barnesoldatarf frå TV) eit engelsk med berre opne stavningar (CVCV), og viser inga tendenser til å "stramme opp srpåket sitt" med CNN eller NRK til stades. Sannsynlegvis er dei analfabetar, om dei etter kvart skal skrive standardengelsk (brit/am) eller liberiansk

CVCV-engelsk blir det opp til liberias kommande ivar aasenar å avgjera. Det ser stygt ut, eg trur dei kjem til å skrive amerikansk engelsk.

mange vil heller ha engelsk på skolen enn shona, og heller fransk enn rundi. Men ein av konsekvensane av europeisk mølstrid etter reformasjonen er at vi heller vil ha eit skolesystem der morsmålet er oppleiringsspråket enn eit skolesystem der latin/engelsk/fransk er det. Med shona vs. engelsk er det lett å argumentere for shona (for oss, ikkje for honey). Du finn alltid grensetifelle: På new guinea har dei Tok Pisin, og ikkje engelsk, eit klokt val. I Nigeria har dei ikkje langa eit skriftspråk til CVCV-engelsken sin, eit därleg val. Black English i USA har ikkje eige skriftspråk, av politiske grunnar er dette lurt, lingvistisk sett kan det vera hipp som happ, kanskje. Med denne målestokken står det norske målstridsprosjektet rimeleg svakt, vi burde ha klart oss bra med dansk. Når du slår fast at dei i Liberia er lukkelege med standardengelsk bør du og la nordmenn leve godt med dansk. Svært godt, faktisk (og eg meiner ekte dansk, ikkje den lettskjemte varianten vi har her heime).

>Eg er elles uviss på kor mykje det er å henta i frå direkte språklege >samanlikningar og jamføringar til den norske målstoda.

Det kjem an på kor relevante jamføringane er. Men generelt trur eg det er mykje å hente på å jamføre.

>Det som ser ut til å gjera Honey interessant er når han gjeng inn på den >meir prinsipielle  
>argumentasjonen som vert nytta i språkordskiftet.

sant nok. Det var då også dei prinsipielle sidene eg tok opp (jfr. punkta mine a-b-c-d). Eg hadde ei kjensle av at du i honey fann eit argument for standardmål (der: am.eng., her: standard nynorsk) og mot dialekt (der: black english, her ulike norske dialektar). Viss denne kjensla var rett (du var litt vag, men eg tok sjansen og tolka deg slik, i og med at du var svært begeistra) meiner eg at du har rota deg inn i eit blindspor, og eg prøvde å vise deg kva konsekvensar det får viss ein tar omsyn til dei målpolitiske realitetane utanfor Nynorskland, og ser på land som USA, Liberia og Noreg.

>Her meiner eg det er fleire parallellear som kann yverførast til den norske >målstoda. Eg vil ikkje gjeva meg inn på å gå gjennom boki/skriva synopsis >av henne fyrr eg hev lese henne grundigt, so lenger kann eg ikkje gå nett >no.

Elles står brevet mitt av 8.12. trygt, ser det ut til.

Trond.

---

Trond Trosterud t +47 7764 4763  
Lingvistisk institutt, Det humanistiske fakultet h +47 7767 3639  
N-9037 Universitetet i Tromsø, Noreg f +47 7764 4239  
Trond.Trosterud@hum.uit.no http://www2.isl.uit.no/trond/index.html

---

Hei Trond

Sidan Trond hev etterlyst at eg skal heisa reint flagg, skal eg gjera det. Ja, eg er elitist.

Ja, eg e r for standardtalemål. Eg trur ikkje nokon var i tvil um det.

Men grunnen til at boki til Honey interesserte meg serlegt sterkt var den einspora haldningi som ligg i miljøet kring dei leidande sosiolingvistane både i England og i Noreg. I den norske målstoda meiner eg at norskfagsgranskarane hev monopolisert dei emni ein diskuterar og som det skal vera legitimt å diskutera. Når det er folk med venstreradikalbakgrunn, ikkje sosialdemokratar (kva tid kalla td. Sandøy seg sosialdemokrat?) som hev ei sterk stoda millom fagfolki fører det naturlegvis til at dei legg inn samfundssynet sitt i forskingi. Det er godt og vel (den sat langt inne for ein reaksjonær borgarleg/moderat fyr som meg), men kor representative vert dei for dei oppfatningane som finst millom folk flest? Skal ein få folk flest interesserte i språk må ein diskutera språklege spørsmål og vanskar dei hev i arbeidet og kvardagen sin. Dialektlina som er rådande råkar ikkje blink når folk flest brukar bokmål når dei hev med medviten og strukturert språkbruk å gjera.

Eg hev ikkje svar på kva spørsmålsstillingar ein skal stella i alle tilfelle. Her må me vera kreativ og høyra etter og plukka upp impulsar frå folk.

Ein innfallsvinkel kann vera å diskutera latinens funksjon i ulike profesjonar.

Kvífor held lækjarane på den latinske terminologien? Kva fylgjer fær det? Td. At sjukepleiarane må forklára pasientane kva lækjarane meiner. Kva fylgjer fær dette fagstyret? Kva um alt kom på forståeleg språk? Når me so fær reist ein generell måldebatt kann me koma inn med det me hev ein viss ekspertise på å argumentera for nynorsk!!

Ein kann ikkje berre avvisa folkelege idear som fordomar utan vidare. Det er like godt grunnlag for å snakka um fordomar millom språkforskarane. Hovudpoenget då vert at norskfaget treng å verta sett under ålmennpolitiske/ideologiske analyse. På same tid må det vera upptil norskfaget å gjera seg relevant i målstriden. Faget må pressast på kva som er interessant for målrørsla. Eg ventar på eit høve til å slå i bordet til ein nordist og segja at dette er ikkje målpolitisk relevant, når eg fær høyra um kva som er fagleg og lingvistisk relevant. Denne målpolitiske tilnærmingi er neppe like aktuell i England som i Noreg.

Kann ein segja at målet um å fremja det folkelege talemålet (eg meinte skriftmålet, men skreiv det ikkje, redigeringsmerknad etter at ordskiftet er avslutta) som leidande folk innanfor norskfagseliten hev gjenge inn for hev vunne ein siger (utviklingi i bokmålet er greid nok, ikkje noko serleg velvilje til folkeleg talemål der i garden). Eller rettare variasjonane i bokmålet vert styrd av stilnivå og funksjonalitet. Kua, budeia o.l. og andre ord hev a-ending av di det høver med målet på landsbygdi, medan byord ikkje kann ha a-ending i same grad. Og i den grad a-endings vert nytta hev dei ein stilistisk funksjon. Den viktige variasjonen er den som markerar verdiar og haldningar.

Kva so med nynorsken? Kann ein segja at målet er nått her? Ein må segja nei pga. av at bokmålet er dominerande og målgods derfrå tvingar seg inn i nynorsken

4

med stor tyngd. Kor vidt bokmålet kjem inn som funksjonelle former, veit eg ikkje. Men ein skulde vel tru det. Former og ordlag som forfattarar berre kjenner på bokmål, vert nytta på bokmål og markerar seg som nøytrale. Medan nynorsktradisjonen hev ei rad formval som ikkje markerar funksjonalitet, men dialekttilhørsala og soleis skapar grensor millom målbrukarane/regionalisme/trønderlina osb. Høgnorsken skil seg ut med å markera seg som ein høgstil som vert nytta av sære (ei funksjonell form) folk frå heile landet og gjer krav på å femna yver heile landet. Er underklassa/arbeidarklassa språklegt medvitne og i stand til å hevda seg mot makteliten? Mitt svar er nei.

Det er slik at dei leidande folki innanfor norskfaget hev konstruera upp sine folkelege målformer. Den språklege eksperimenteringi med og bokmåliseringi av det nynorske skriftmålet, hev skapa ein spiral som berre gjeng vidare og vidare. Slutningi millom samnorskfolk hev vorte at folket hev rett, altso bøygjer me oss for det folk vil. Men likevel nyttar dei avvikande rettskrivingar. Det er lett å argumentera for at alle dialekta må granskast alle vil gjerne ha dialekten sin granska, serleg forskarar. Det å forska på dialekta vert eit alibi for å gjea noko. Ein let seg ikkje utfordra av andre impulsar av språkleg art.

Det må då vera ærlegare å segja kva ein meiner som Honey gjer utfrå ei yvertyding heller enn å gjea knefall for folket og der folkelege. I røyndi er det jo eliten som styrer kor som er. Anten ein segjer at det er folki i Språkleg Samling (Sandøy og vene) eller dei hjelperådene som standard Engelsken måtte ha til rådvelde. Skulde ein få til ein reaksjon nedanfrå måtte ein gjea noko heilt anna enn i dag. Jamvel i romsdalen og andre delar av landet der samnorskhevn hev stade sterkt, hev ikkje språkstriden gjort seg sterkt nok gjeldande. Målrørsla i denne delen av landet hev heller aldri vunne skikkeleg fram anna enn stykkjevis. Eg meiner det er andre enn språklege grunnar til dette. Det er vanar og uppfylgjing av ideologisk påverknad av alt slag som kann skapa framgang.

Utan å gjea dei folkelege haldningane til språk til noko konstant, kjem ein ikkje langt. (Og då meiner eg ikkje at ein skal sementera samnorskholdningane til mange romsdalingar!!! Men i den grad dei hev slike haldningar hev samnorskvenene vunne ein siger.)

Den konstansen ein kunde funne ligg vel nett i det Trond hevdar um skriftmålsforskingi. Norske forskarar vil ikkje forska på reell skriftmålsbruk i målsoga. No er vel dette kanskje ei sanning med visse modifikasjonar. Det gjeng fyre seg ein heil del registreringsarbeid i samband med Norsk Ordbok m.m.

Men rådande ideologi segjer at skriftmålet skal avvisast. Folk skal høyra på talemålet sitt og ikkje lesa seg til kva som er rett og nytta språk, Standard Norsk, for ikkje å snakka um i-mål som ikkje gjer ordlistone estetiske nok. Folk skal nektast tilgang til standardnorsk, og det er ille etter mitt syn. Det er den generelle avvisingi av skriftmålet som normkjelda som er prinsipielt interessant. Ikkje kva for nokre skriftspråklege varietatar/avbrigde ein legg vekt på.

Standardspråket påverkar ikkje talemålet og skal ikkje påverka talemålet, hevdar Sandøy i Noreg.

Frå same nynorsk/samnorsk hald vert det sagt at høgnorsken er ei tvangstrøya, men i røyndi er det vel snakk um internaliserte vanar. Når t.d. romsdalingar tykkjer at nynorsken vert gamaldags, er det av di dei i mange tilfelle er upplærde i radikalt bokmål. Haugesundarar skal visstnok ha ei heilt onnor tilnærming. Dei lærer seg til å luka ut dialektformene når dei skriv bokmål. Dei vert upplærde til å sjå at det er avstand millom skrift og tale. Slike skilnader er interessante.

Ein skulelev som hev nynorsk og berre les bokmålsordlista hev, i allfall fram til nyleg, kunna få inntrykk av at samnorsken snart hev vorte eit faktum. Det er ei rad hokjønnssformer og a-endingar i slike bøker. I nynorsken vert det argumentert mot å taka inn i-målet med den grunngjevingi at det vil taka for mykje plass, og vil verta uestetisk. Dette er ein utruleg påstand når ein jamfører med bokmålet som hev havt vel so mange ulike former i ordlistene. Jamvel trekjønnss versus tvokjønnssystem. Ein må kunna sjå parallelar millom den vedvarande utestengjingi av i-målet på politisk grunnlag (1 det er ikkje i-former som kann samlast med bokmålet 2 i-målet er ikkje folkemål) og målordskiftet i England. Det er ålmennpolitikken som aktualisera den akademiske pågangen for folkemålsformer som for alt me veit berre verkar mot seg sjølv. Folk flest rettar seg etter dei internaliserte vanane sine og vurderar avvikande språkbruk utfrå eigi rettskrivingsuppfatning.

Eg hevdar at den måten folk oppfattar skriftspråket på er viktigare enn dei objektive kjensgjerningane. Eg ser poenget i at det bør arbeidast ut grundige yversyner yver den rådande språkbruken og at det i dag vert forska på språkpolitiske haldningar utan koplingar til realitetane. Men eg trur ikkje ein kann forska seg fram til noko ideelt skriftspråk.

Lingvistane kann diskutera um t.d. det ladinske språket som vert nytta på grensa millom Tyskland og Italia fortener å kallast eit eige språk. Det gjer dei etter det som kom fram i Kristiansand. Hovudpoenget er kva folk flest upplever som viktige for seg. Dette er ein kritikk som kann reisast mot samnorskstrevet som er like aktuell som for 60-70 år sidan, men røynslone er eintydige i dag. Eit fagleg paradigme vil ikkje utan vidare gå i uppløysing, jamvel um det ikkje hev havt suksess. Utbydingi i dag ligg i å aktualisera målsaki i det moderne samfundet. Me treng visjonar og nye konkrete mål å nå. Korleis kann me fremja det me stend for? Eit fyrste bod må vera å gå kritisk gjennom det som sermerkar oss for eksterne folk. Som ein radikal studentpolitikar sa til meg: "De er ekspertar på å krangla og fraksjonera internt, men kva stend de for politisk. Norskdomsrørsla er ei rørsla som kann markera seg i store samfundspolitiske ordskifte, men ho er ikkje på bana."

Eit par samanlikningar avslutningsvis.

I motsetnad til andre land hev me den fyremunen at me hev høg materiell levestandard.

Det er ikkje alle folk/nasjonar som er i stand til å skapa seg skriftmål reint materielt, med bokutgjevingar, upplæring osb. Eg kann ikkje sjå korleis Afrika skal kunna greida å halda seg med 1400 språk, når USA i hovudsak greider seg med eitt. Ein kann aldri greida å få fram den rikdomen som ligg i engelsk i dei afrikanske måli. Andsynes engelsk vert vel dei fleste språki i verdi små, jamvel i den rike delen av verdi/Vest-Europa.

Er det ikkje forresten so at Afrika hev ei rad stammespråk, medan latinamerika hev ruddt ut urspråki og sett inn spansk/portugisisk i staden? Um eg vidare hugsar rett e r det vel eit poeng at den umfattande uppbyggjingi av minoritetsspråk i delar av Afrika hev ført med seg at det hev vorte mindre kontakt millom grupper av menneske som elles vilde ha havt naturlegt samkvem under andre vilkår. Spansken fungerar brubyggjande i Latin Amerika.

Kort oppsummering.

Eg meiner det er grunn til å gå inn på ein kritikk av det eg kallar norskfagsmonopolet. Dette inntrykket tykkjer eg vert styrkt av Honey's bok. Eg er reaksjonær og meiner at afrikanske språk ikkje hev nokor serleg framtid fyre seg. Kanskje kjem dei til å lida massedaude, og kva so engelsk er jo so mykje rikare på litteratur. Ein kann ikkje avvisa folkelege fordomar, utan at ein dryfter faglege fordomar/intersubjektivitet og strutsepolitikk.

Beste helsing  
Lars Bjarne

To Lars Bjarne: I apologise for realizing too late your linguistic preferences, the body part of this letter will be written in a language without a rich literature. But read on, there still are some points here and there.

>Sidan Trond hev etterlyst at eg skal heisa reint flagg, skal eg gjera det.  
>Ja, eg er elitist.

og du skriv deg dermed ut av den norske språkstridstradisjonen.

>Ja, eg e r for standardtalemål.

Eg og.

>dei legg inn samfundssynet sitt i forskingi. Det er godt og vel (den sat langt inne for ein reaksjonær borgarleg/moderat fyr som meg), men kor

7

>representative vert dei for dei oppfatningane som finst millom folk flest  
>?

Problemet ditt er at dei reaksjonære etter at dei vann fram med foreldreaksjonen på 50-talet har halde seg borte frå den norske språkforskinga, dermed er det ingen reaksjonære att som kan komma med premiss for forskinga. Elles ser eg lite til at det politiske grunnsynet går att i sjølve reslutata, politikken til sandøy finn du i valet hans av forskingsobjekt (dialektar heller enn språket til t.d. Jens Bjørneboe eller Karl Glad, eller Kjartan Fløgstad, Ø.B.karlsen eller O.H.Hauge for den del) og ikkje i forskingsresultata hans (t.d. i detaljane i syntaksen i vestnordiske aspektkonstruksjonar)

Skal ein få folk flest interesserte i språk må ein diskutera språklege spørsmål og vanskar dei hev i arbeidet og kvar dagen sin. Dialektlinja som er rådande råkar ikkje blink når folk flest brukar bokmål når dei hev med medviten og strukturert språkbruk å gjera.

Eg er samd. Men det gjer heller ikkje ditt alternativ, som du vik unna diskusjonen om: EIN STANDARD TIL (din) i tillegg til alle dei andre. Jfr. D&T sitt hjartesukk etter at ein eller annan i siste nummer kverulerte på at dei hadde retta a-ane hans til i eller noko slikt.

>det me hev ein viss ekspertise på å argumentera for nynorsk !!

T.d. det elitistiske synet vårt?

> Ein kann ikkje berre avvisa folkelege idear som fordomar utan vidare. Det >er like godt grunnlag for å snakka um fordomar millom språkforskarane.

Ver konkret.

>Hovudpoenget då vert at norskfaget treng å verta sett under >ålmennpolitisk/ideologisk analyse.

Ver konkret.

På same tid må det vera upp til norskfaget å gjera seg relevant i målstriden. Faget må pressast på kva som er interessant for målrørsla.

Feitt nok, for dei av forskarane som er målfolk (eg har t.d. etterlyst eit språkforskarmållag, der eg kunne tenke meg Sandøy med).

Eg ventar på eit høve til å slå i bordet til ein nordist og segja at dette er ikkje målpolitisk relevant,når eg fær høyra um kva som er fagleg og

lingvistisk relevant.

Jo takk, der diskvalifiserte i alle fall du deg til eit slik yrkesmållag.  
Her er eit par problemstillingar eg er interessert i:

- Grensa for bortfall av distinktivt tonelag i nordnorsk
- Vilkåra for overgang frå fire-til-tre-til-tokasussystem for norske substantiv og pronomen i mellomalderen (altså ikkje dei politiske vilkåra, men korfor t.d. kasus vart att berre i bunden form og ikkje i ubunden, korfor 1&2pron har nom-akk-skilnad mens 3p har nom-dat-skilnad
- vilkår for når det er mogleg med bunden NP i presentatingssetningar ("det var DEN stilige typen på festen i går"
- konsekvensar av bortfallet av sj-kj-distinksjonen i norsk

Så skjer følgjande: 1. Lars Bjarne slår i bordet: Dette er ikkje målpolitisk relevant!! 2. Trond går og sett seg ved eit anna bord.

Denne målpolitiske tilnærmingi er neppe like aktuell i England som i Noreg.

Heldigvis.

Ei anna sak er at vi OGSÅ skal ha målpolitisk relevant forsking (her og i England). I Noreg har vi knapt hatt anna, vi har hatt komitéhistorie opp ad stolpar og ned ad veggar, dvs. målpolitisk forsking på samnorskarane sine premiss (les siste kapittel i #samtlege# utgåver av leitre-lundeby-torvik språket vårt, så forstår du kva eg snakkar om, det går frå dur til moll i 5 variasjonar.

> Kann ein segja at målet um å fremja det folkelege talemålet som leidande >folk innanfor norskfagseliten hev gjenge inn for hev vunne ein siger

Dette er ikkje Sandøy si forteneste, men kanskje framforalt målrørsla si, med dialektaksjonane, og det allmenne politiske ordskiftet si, dialektrørsla må sjåast i samanheng med motoffensiven mot sentraliseringa (sjarken-og-støa-ideologien) som fekk eit lite innsmett mellom sentrumsdyrkninga på 50-og 90-talet.

Eller rettare variasjonane i bokmålet vert styrd av stilnivå og funksjonalitet.

Funksjonalitet meg opp i ræva. -a er meir funksjonelt enn -en, fordi -a er kortare, men -en er meir funksjonelt enn -a, fordi det er lettare med to kjønn enn med tre. Det du seier om stilnivå er sjølvsagt rett, og det størete problemet med bokmålet.

> Kva so med nynorsken ? Kann ein segja at målet er nått her ?

Ikkje enno. Til no er det berre bm som har stilistisk fundert variasjon (-a for stygge ord, -en for pene). Til no har -a vs. -i i nynorsk for det meste vore geografisk og ikkje stilistisk bestemt, bortsett frå eit intermezzo som dukkar opp no og då, og som Lars Bjarne t.d. no grep opp att.

>Høgnorsken skil seg ut med å markera seg som ein høgstil som vert nytta av >sære (ei funksjonell form) folk frå heile landet og gjer krav på å femna >yver heile landet. Er underklassa/arbeidarklassa språklegt medvitne og >i stand til å hevda seg mot makteliten ? Mitt svar er nei.

Mitt og, og verre blir det når nynorsk ikkje har #ei# norm å stå i mot presset med, men mange (jfr. D&T-kommentaren, og LB sin praksis)

>Det er slik at dei leidande folki innanfor norskfaget hev konstruera upp >sine folkelege målformer.

Eg kjenner ein filolog dette passar for: Ivar Aasen. (Viss du ikkje meiner "former ingen bruker", for i tilfelle er det nok ein gang berre #ein# det passar for: Rolf Theil Endresen, som for 10 år sidan laga det mest stilige samnorskframlegget eg har sett til dags dato, verken bm eller nn.

Den språklege eksperimenteringi med og bokmåliseringi av det nynorske skriftmålet, hev skapa ein spiral som berre gjeng vidare og vidare.

Rett. Men er fragmentering svaret? Nei.

>I røyndi er det jo eliten som styrer kor som er.

Det er skilnad mellom dei som er elite i eigne augo og dei som er det i andres. Lars Bjarne og eg kjem i den første kategorien, Karl Glad, heiberg, osb. i den andre.

Vi som ikkje har makt har to våpen: Sakkunnskap (dvs. LB og meg, m.a., men i langt større grad Helge Sandøy) og breie folkerørsler (NM, m.a.).

Anten ein segjer at det er folki i Språkleg Samling (Sandøy og vener) eller dei hjelperådene som standard Engelsken måtte ha til rådvelde.

Sandøy er ikkje med i den eigentlege eliten i Noreg, sjølv om han er med i eliten av ekspertar på språk.

Skulde ein få til ein reaksjon nedanfrå måtte ein gjera noko heilt anna enn i dag. Jamvel i romsdalen og andre delar av landet der samnorsken hev stade

sterkt, hev ikkje språkstriden gjort seg sterkt nok gjeldande.

Jo, det har han. Bm er radikalt i Romsdalen fordi det er pressa av nynorsk.

> Utan å gjera dei folkelege haldningane til språk til noko konstant,kjem  
>ein ikkje langt.

???

> Den konstansen ein kunde funne ligg vel nett i det Trond hevdar um  
>skriftmålsforskingi.

???

Norske forskrarar vil ikkje forska på reell skriftmålsbruk i målsoga. No er vel dette kanskje ei sanning med visse modifikasjonar. Det gjeng fyre seg ein heil del registreringsarbeid i samband med Norsk Ordbok m.m.

Ingenting er publisert.

> Men rådande ideologi segjer at skriftmålet skal avvisast. Folk skal høyra  
på talemålet sitt og ikkje lesa seg til kva som er rett og nytta språk,

Tøv. Det er nettopp dei skriftspråksfikserte forskarane  
(komitehistoriakrane, t.d. ERnst Håkon Jahr) eg skuldar for ikkje å forske  
på objektet sitt, på skriftspråk.

Standard Norsk,for ikkje å snakka um i-mål som ikkje gjer ordlistone  
estetiske nok.

Å- dakars! Av med dei falske fjøra dine no: #Ingen# a-målsfolk har nokon  
gong vore måt i-mål på estetisk grunnlag. Det har alltid vore tvert om, og  
det er semje langt inn i riksmåls forbundet om at Olav H Hauge har eit  
vakkert språk

> Folk skal nektast tilgang til standardnorsk,og det er ille etter mitt syn.

Vi har to standardnorsk: bm og nn. Det er berre det at den eine de facto er  
meir standardisert enn den andre.

>Det er den generelle avvisingi av skriftmålet som normkjelda som er  
>prinsipielt interessant. Ikkje kva for nokre skriftspråklege



>varietetar/avbrigde ein legg vekt på.

Her er vi for ein gopngs skuld samd. Og det er derfor eg vil ha forsking på normkjelda. Var det så vanskeleg å forstå?

> Standardspråket påverkar ikkje talemålet og skal ikkje påverka  
>talemålet, hevdar Sandøy i Noreg .

Sandøy reiser ein empirisk fundert debatt. Du må gjerne delta, men ikkje med dogmatisme, men med fakta. Viss du gjer det vil Sandøy høyre på deg, elles ikkje.

> Ein skulelev som hev nynorsk og berre les bokmålsordlista hev, iallfall  
>fram til nyleg, kunna få inntrykk av at samnorsken snart hev vorte eit  
>faktum. Det er ei rad hokjønnsformer og a-endingar i slike bøker.

Slike nynorskelevar finst ikkje. Dei les Romantikk, Det Nye, Donald, Morgan Kane, Serien om Isfolket, Aktuell Rapport, tekstinga til "Norges Seriemester", osb. osb. sonen min, som høyrer meir finsk enn norsk rundt seg, og det nrorske han høyrer er tromsø- og tronheimsål, bruker forma "jæi" i rolleleikar dei få gongene han ikkje bruker finsk.

Ein må kunna sjå parallelar millom den vedvarande utestengjingi av i-målet på politisk grunnlag (1 det er ikkje i-former som kann samlast med bokmålet 2 i-målet er ikkje folkemål) og målordskiftet i England. Det er ålmennpolitikken som aktualisera den akademiske pågangen for folkemålsformer som for alt me veit berre verkar mot seg sjølv. Folk flest rettar seg etter dei internaliserte vanane sine og vurderar avvikande språkbruk utfrå eigi rettskrivingsuppfatning.

Samnorsk #var# argumentet for mange som var for -a. For meg er argumentet for -a, og argumentet for "to" i staden for "tvo" at eg vil ha #ein# normal.

>Eg trur ikkje ein kann forska seg fram til noko ideelt skriftspråk.

Jo, i eit sosialt vakuum kunne vi ha gjort det, i dag kan vi berre skrive oss fram til eit, og det er det vi gjer.

Som ein radikal studentpolitikar sa til meg." De er ekspertar på å krangla og fraksjonera internt, men kva stend de for politisk. Norskdomsrørsla er ei

rørsla som kann markera seg i store samfundspolitiske ordskifte, men ho er ikkje på bana."

Eg skulle ha likt å høyrt kommentaren hans etter at du sa kva du stod for "samfundspolitisk". Elles er eg samd med kompisen din, og eg er ikkje glad i denne diskusjonen, men han kjem til å halde fram så lenge det ikkje er vilje til å samle seg om #ein# nynorsk i kampen mot bokmålet.

> Det er ikkje alle folk/nasjonar som er i stand til å skapa seg skriftmål  
>reint materielt, med bokutgjevingar, upplæring osb. Eg kann ikkje sjå  
>korleis Afrika skal kunna greida å halda seg med 1400 språk, når USA i  
>hovudsak greider seg med eitt.

Nei, sei det. I OAU har dei 4 (eng, port, fr, arab), i Sovjetunionen (fattig og angripe frå alle kantar) hadde dei 137, og dei har framleis godt over hundre, dvs. skriftspråk til alle minoritetar på meir enn 1500 talarar. Dette er målstrid, strid for folket sitt mål.

> Ein kann aldri greida å få fram den rikdomen som ligg i engelsk i dei afrikanske måli.

Å nei? Eg høyrer ein del på "Alltid nyheter" når dei sender BBC. Her om dagen fekk vi nest siste program for i år: "This is the penultimate report from our studio this year". Det finst ikkje det afrikanske språket som ikkje også kan ha ein slik "rikdom". "penultimate" er like god fulani, akan, mande, yoruba, swahili, norsk, somali, zulu, som det er engelsk, ja til og med meir: Engleks har berre orda "body" og "web", (to ord for fire tydingar) der vi på norsk har 4 ord for dei same 4 tydingane: body (klesplagg), kropp, web og nett.

Andsynes engelsk vert vel dei fleste språki i verdi småe, jamvel i den rike delen av verdi/Vest-Europa.

Nei. Etter kvart blir dei berre større, fordi det etter kvart ikkje eksisterer noko englesk ord som ikkje samstundes er eit nederlandsk ord, mens nederlandsk har sitt eige ordforråd i tillegg (på same måten fekk engelsk "rikdomen" sin frå fransk og latin).

> Er det ikkje forresten so at Afrika hev ei rad stammespråk, medan latinamerika hev rudit ut urspråki og sett inn spansk/portugisisk i staden >?

Engleske rasistar var alltid flink til å seie at i europa var det

"languages" mens i Afrika var det "dialects". Du skriv deg her inn i ein stolt rasistisk tradisjon. Afrika har ikkje stamnespråk. Dei har språk. Elles

Um eg vidare hugsar rett e r det vel eit poeng at den umfattande uppbyggjingi av minoritetsspråk i delar av Afrika hev ført med seg at det hev vorte mindre kontakt millom grupper av menneske som elles vilde ha havt naturleg samkvem under andre vilkår.

Du hugsar feil. Afrikanarane er fleirspråkleg, Philipson i boka Linguistic Imperialism (bokmelding på heimesida mi) s. 240 fortel om ei undersøking blant 20% av Tanzanias ungdomsskoleelevar, dei kunne #i gjennomsnitt# 5 (f-e-m) språk, INGEN kunne færre enn 3. Amerika har komme lenger på dette feltet, men også her er det fleire enn 3 språk (sp-eng-port), det er faktisk ca. 600, fleire av dei er store, som guaraní (størst i Paraguay, over 90%), quechua (større enn norsk, inkaene sitt språk), nahuatl (mayane sit språk), navaho, inupiaq.

>Spansken fungerar brubyggjande i Latin Amerika.

Som målmann står eg guaraní i Paraguay, rundt i Burundi og norsk i Noreg.

Du er på jordet og på trynet på ein gong. Det er ikkje slik at "fransk fungerer brubyggjande" i Burundi, men slik at dette stort sett einspråklege landet får gjort om #alle# skolefag til opplæring i fransk (naturfagstimane går til helvete, fordi dei ikkje kan konsentrere seg om naturen, men må lære seg fransk nomenklatur for fransk fauna), dei må lære seg å lesa og slrive på eit språk dei ikkje kan, og lærer i tillegg at det dei har lært heime av mor og far ikkje er verd påporet det ikkje er skrive på.

Eg kunne ha kobla det du skriv her til den sjølverklærte idealismen din og kutta diskusjonen her og no, men vel likevel å tru at du rett og slett ikkje har tenkt deg om. Gjer det.

>Kort uppsummering.

> Eg meiner det er grunn til å gå inn på ein kritikk av det eg kallar >norskfagsmonopolet. Dette inntrykket tykkjer eg vert styrkt av Honeyeys bok.

????

Eg er reaksjonær og meiner at afrikanske språk ikkje hev nokor serleg framtid fyre seg. Kanskje kjem dei til å lida massedaude, og kva so engelsk er jo so mykje rikare på litteratur.

You are right, indeed, and in your position I would have changed my private linguistic practice accordingly.

Yours sincerely,  
Trond.

> Ein kann ikkje avvisa folkeleg fordomar, utan at ein dryfter faglege  
>fordomar/intersubjektivitet og strutsepolitikk.

What? Please repeat in a proper language, and not in this peripheral  
Northern German substandard of yours.

Oppsummering til andre lesarar, som framleis forstår språk utan rik litteratur:

Verken LBM eller andre tar opp kjerna i debatten: 1. Om nn-norma skal vera  
brei eller smal, og 2. viss "smal", korleis ho skal vera smal.

Synet mitt er : 1. smal, 2. etter følgjande to kriteria (a over b): a.  
konsensus rundt den eksisterande skrifttradisjonen slik han ligg føre i  
dag, b. systematisk.

Synet til LBM slik eg forstår det: 1. smal, 2. etter 1917 (etter den  
nynorske skrifttradisjonen slik han låg føre før 1938, og etter Hægstad  
heller enn etter Garborg og Duun).

Lingvistisk sett har eg ingen innvendingar (og sjølv sagt ikkje estetisk,  
hadde det vore opp til estetikken kunne vi ha skrive svensk for min del),  
innvendinga mi går på politisk taktikk og språkplanlegging: Dei einaste som  
er glad for kaos og normmangfald i nynorsk er motstandarane av målreisinga.  
Den såkalla "høgnorsklina" er dermed ein avart av Trønderlina, med ein  
elitistisk dimensjon i tillegg til dei 23 geografisk definerte (Telenor  
opererer med 23 versjonar av "norsk").

Trond

>Trond skreiv  
>som ) politikken hans, på angrepet hans på den amerikanskje venstresida  
>(han ser ut til å vera ein del av backlashsyndromet,..  
><<amerikanske samfunnet sine stupide fordommar).  
>  
>Eg hev med vilje halde attende at eg hev høyrte at fyren er  
>sosialdemokrat, men for sume er vel slike skilnader uviktige. Eg veit ikkje  
>um det er relevant, men Honey er dessutan engelsk. Eg hugsar ikkje um eg  
>nemnde det.

Velvel. Som ein kvar norsk kulturdebatt skriv eg om ei bok eg ikkje har

lese, dvs. det eg prøver å gjera er å reise ein debatt #uavhengig# av boka. Nei, i mange samanhengar er skilnaden mellom ein sosialdemokrat og ein republikanar eller demokrat uviktig, noko som går fram av døgnkontinuerlege TV-overføringer for tida. I andre samanhengar er det viktig. T.d. kan den sosialdemokratiske bakgrunnen hans forklare korfor han kritiserer venstresynspunkt "frå venstre", dvs. at han hevdar at politikken hans er til fordel for arbeidarklassen, og at han (til skilnad frå LB?) ottast for at skriftspråkleg pluralisme i praksis vil fremje elitistiske tendensar i skoleverket.

Engelskmenn er, med god grunn, opptekne av at britisk engelsk tapar terren mot amerikansk. Det at han er engelsk forklarer korfor han skriv om dette. Elles er høgre-venstre-aksen litt ulik i UK enn i US, men også England har hatt sine liberale pedagogar, sjølv om dei har vore meir opptekne av rettskriving enn av talemålsnormering (ca. 1970 lærte engelske ungar å skrive engelsk med ei ny rettskriving, med spesialbokstavar, der det var meiningsa at dei skulle lære standard engelsk rettskriving etter kvart). Så backlashtendensar finst i England og.

Er det han skriv provoserande på norske lingvistar, og har dei (vi) i tilfelle godt av det?

Det provoserande er ikkje at dette blir hevdta (NM sende meg nett ein url til "bokmålsforbundet" eller noko slikt, på Hamar, utan at eg dermed vart noko særleg provosert). Det provoserande er at desse ideane får innpass i ein del viktige fora der dei burde ha vorte slått attende: Hos utdanningsstyretemakter, og hos norske målfolk som er skeptiske til dialektpedagogikk.

Hei,

eg har eit par ikkje heilt superfaglege kommentarar til dette ordskiftet, men det gjer vel ingenting.

On 17.12.98, at 10:44, Lars Bjarne Maroey wrote:

>Gode dykk

>

>Eg hev kome yver ei interessant bok av John Honey. Boki er sers relevant for oss.

>Honey gjeng hardt ut mot t.d. Peter Trudgill, ein viktig støttespelar for norske sosiolingvistar i Språkleg Samling. Dette er berre litt rask reklame. Eg legg ved vaskeselteksten, so fær de fyrstehandskjennskap.

Eg har ikkje lese ein skit av Trudgill, men eg har høyrt han - på den internasjonale Aasen-konferansen i Oslo i (okse der og) Asen-året. So vidt eg minnest, nyttar han innleiinga si på å greie ut om 'kommunikasjonens' janusandlet (mitt omgrep): Han ville ha mindre global kommunikasjon (as we know it), for denne har ført til massiv språkdaude, som igjen lagt verda opa for nyimperialisme. Trudgill argumenterte altso \*artikulert\* for dyrking av språkgrenser ut frå eit anti-imperialistisk perspektiv, med serleg vekt på dialektgrenser. Dette tykkjer eg seier litt om at Trudgill er ein lingvist som bør vere svært interessant for oss målfolk både på den eine og andre måten, og, om LB har rett, seier det sjølv sagt noko om at Språkleg Skramling ikkje er like oppdaterte som dei ein gong

var. Eg nektar å tru at SS no tykkjer det er bra med størst mogleg dialektSKILNADER (ikkje det at det er viktig, men..).

>In this passionately and highly controversial book, Professor John Honey refutes the arguments that have been put forward against standard English and the systematic teaching of grammar. He shows how history has been rewritten to prove that standard English is the creation of the ruling class, and demonstrates that apparently egalitarian notions of Black English and other dialects can limit access to standard English -and hence power- for minority groups.

Dette er då som å høre Riksen og Bjørnson på starten av 1900-talet. Dei hadde klår sosial argumentasjon for rix: Dei stakkels norske bonde- og arbeidarsønene ville berre kome seg opp&fram om dei lærte rix, og slutta å lære norsk som berre var med på å hindre tilgangen til cultursproget. Nei, eg tykkjer altso dette ser ut som Finn-Erik-måten å vere for standardmål på.

He looks too at the future of English as an international language, discusses whether the worldwide teaching of standard English amounts to linguistic imperialism, and examines whether British will inevitably lose out to American.

No gjeld det å leggje ned den norske målstriden - no må bokmål og nynorsk står saman mot angloamerikansk!

Jaja, eg har no altso ikkje lese denne boka, men eg er takksam for at LB fylgjer med og gjev oss info - mykje å lære av både han og Trond!

Eli B

Hadde me ikkje levt i eit av verdens rikaste land i ein privilegert del av verdi, ville truleg Trond havt rett. Då kunde eg ha valt engelsk med ein gong. Eg ser elles at eg hev formulert meg uklårt og hev tenkt heilt onnorleis enn Trond fleire stader. Det hev ført til at me sannsynlegvis er langt meir samde enn det lesarane kann tru. Eg vil ikkje taka meg i ferde med å djupa ut alle desse punkti. Eg vil heller ha ferie. Men dette med Afrika var interessant. Det hev eg ikkje diskutert fyrr, so ...

Dette med Afrika er komplisert, og eg hadde ikkje tenkt å gå so nøgje inn på det, men sidan Honey skriv ein heil del um dette, kann det vera grunn til å gå litt nøgnare inn på det likevel. Eg hev lese uppatt Vikør Språkpolitikk på 5 kontinent. Når eg les Vikørs framstelling og med det eg elles hev lært um Afrika må eg segja at eg tykkjer det er merkeleg at Trond reagerar so sterkt på at eg nyttar nemningi stammespråk, men boki er meir enn 20 år gammal, og eg hev vel vore utsett for ein fæl propaganda. Eg meiner berre å peika på at nasjonsgrensone er uviktige i dei fleste tilfelle. Europearane hev kløyvd stammegrensone når dei skipa til statar.

Men Vikør s. 179 slær fast at det er vanskeleg å skilja millom språk og dialekt i Afrika. Det er dessutan vanskeleg å fastsetja og dela inn Afrika og afrikanske språk etter landegrensor. Det eg la i uttrykket stammespråk var berre eit uttrykk for ei sviktande evna til å få fram dette mangfaldet. Å nyttar språk i vår nasjonalstatsforståing, kann høva for sume land i Afrika, men eg tvilar på at det er det mest råkande i mange høve.

Elles veit eg ikkje kor råkande Tanzania er for resten av Afrika. Men tradisjonelt hev det etter Vikør vore ein freistnad på å byggja ein nasjonalstat i Tanzania. Det er ein minoritet som snakkar det offisielle språket swahili. Dei som elles snakkar swahili hev andre morsmål. Men kor utbygde er desse måli, og kva vil det segja å kunna eit språk? Og kva rettar hev språkbrukarane. Dvs. kor langt upp i utdanningi kann dei td. nyttar språki, um dei i det heile er skriftfeste. Swahili var utropt til nasjonalspråk i 1977 eller fyrr Vikør 203 utgjevi i 1977. Etterkvart som Swahili breider seg gjennom utdanningi og andre offisielle funksjonar vil dei andre språki verta veikare. Styrkjen til Swahili er avhengig av at andre språk fær ei veikare stoda.

Når du nemner Robert Phillipson hev Honey faktisk påæra han med eit heilt lite kap. Fyrst eit sleivspark som kanskje råkar. Phillipson som argumenterer sterkt for at ein skal arbeida fram afrikanske språk nyttar Namibia som favorittdøme. Phillipson var konsulent for SWAPO i geriljatidi, men vart sparka då det vart fastsett at engelsk skulde vera offisielt språk. Namibia hev umlag 8 språk, segjer Honey. Det største av dei hev framleis svært store vanskar med å kunna verta eit offisielt språk td. for høgare utdaning.

Phillipson hevdar "Linguists are trained to see any language as potentially fulfilling any function, hence not intrinsically superior or inferior to any other language." Lykjemordet er etter Honey potensielt. Kva for nokre prosessar må eit språk gjennom frå å vera eit fyrrittert språk til å verta eit språk som kann fylla dei krav som er sett til å formidla moderne vitskap og forsking og alle andre moglege aspekt ved den moderne sivilisasjonen. Gonzales og Batista snakkar om ein edulekt, eit språk som kann formidla moderne utdaning.. Kor lang tid tek det å utvikla slike og kor mykje pengar vil det kosta? Og kven er viljuge til å betala. Når ein tenkjer på striden for nynorske læremiddel i verdsens rikaste land. Kor sterkt vil ikkje motstanden mot å bruka pengar på språk vera i eit utviklingsland? Kor mange uppgåvor vil ikkje verta høgare prioritert enn språk? Utfallet vert i lengdi språkdaude.

Men Trond hev eit anna løysingsframlegg som eg kjem til nedanfor. Men berre for dei sterkeste språki i Afrika. Dei andre kann berre baks i veg utanfor all sivilisasjon, utan rikdomen frå engelsk. Nekt dei tilgang til engelsk eller andre store afrikanske språk, og lat dei leva på primitivt vis. Korleis skulde det gå dersom kvart fylkje, for ikkje å segja kvar kommune i Noreg skulde ha sitt eige språk. Det hadde ikkje gjenge, for dei hev ikkje råd. Dei same umsyni lyt ein taka i Afrika. Det er pengar og sjølvstende-/målreisingsvilje som er avgjeraande kombinert med materielle resursar som set grensone. Svaret er ikkje å mælda seg ut av den moderne sivilisasjonen.

Eg lyt segja at påstanden min var  
meint sterkt provokatorisk. Ein skal aldri segja aldri for aldri kann ein aldri stå ved.

>Ein kann aldri greida å få fram den rikdomen som ligg i engelsk i dei  
>afrikanske måli.

Å nei? Eg hører ein del på "Alltid nyheter" når dei sender BBC. Her om dagen fekk vi nest siste program for i år: "This is the penultimate report from our studio this year". Det finst ikkje det afrikanske språket som ikkje også kan ha ein slik "rikdom". "penultimate" er like god fulani, akan, mande, yoruba, swahili, norsk, somali, zulu, som det er engelsk, ja til og med meir: Engleks har berre orda "body" og "web", (to ord for fire tydingar) der vi på norsk har 4 ord for dei same 4 tydingane: body (klesplagg), kropp, web og nett.

Andsynes engelsk vert vel dei fleste språki i verdi små, jamvel i den rike delen av verdi/Vest-Europa.

Nei. Etter kvart blir dei berre større, fordi det etter kvart ikkje eksisterer noko engelsk ord som ikkje samstundes er eit nederlandsk ord, mens nederlandsk har sitt eige ordforråd i tillegg (på same måten fekk engelsk "rikdomen" sin frå fransk og latin.

Eg reknar med at fleire enn eg vil reagera på denne fri flyt haldningi.  
Eg veit ikkje um det er verd å leggja noko arb. i å dryfta dette. Eg og mange med  
meg hev skrive um dette fyrr. Men nokre tankar melder seg heilt refleksivt.

Ein kann altso gløyma

- språkpurisme
- internt terminologiarbeid
- yverføringsvanskår ved språkstrukturen.
- forståingsvanskår
- umsetning

So til dette med å ha mange språk.

Ok. Sovjetunionen er kanskje eit relevant døme. Eg nektar å tru at den materielle levestandarden var so låg i SSSR som i afrikanske land, og det er eit hovudpoeng for meg. Elles vil eg gjerne ha døme på at dei 137 språki vart nytta fylgjerett i storsamfundet heilt upp til høgste partitopp i dei ulike delane av SSSR, for ikkje å snakka um på univerisitet og høgskular.

Berre for å venda ein snartur innum Noreg att. Eg meiner normeringsdiskusjonen er irrelevant. Me kann og må leva med ulike syn på nynorsknormalen i lang tid enno. I beste fall kann me få aukande uppslutnad um ein variant. Ein sjølvironisk merknad: Personleg trur eg at eg hev gjort meir for å fremja høgnorsk gjennom å bruka språket enn gjennom å argumentera for det. Det set diskusjonen i eit tankjevekkjande ljós for meg.

Nynorsken lever godt på den korte avstanden til bokmålet. Me kann yverføra språkgods beinveges frå bokmål. Sjølv um nynorsken ikkje finst pga. bokmålsveldet, kann me tileigna oss kunnskap i eit nærskyld språk. Me er rike og staten tykkjer synd i nynorsken, og gjev oss pengar. Me er eit rikt land med mange idealistar som gjev personlege gåvor og gjer friviljukt arbeid. Og med er eit land med høgare utdaningsinstitusjonar der det er lov til å nytta nynorsk millom studentane (dei vitskapleg tilsette er det verre med jmf. td. diverse historikarar som hev vorte pressa til å skriva bokmål), og der ingen kann segja at dei ikkje skynnar målet, endå um dei ikkje vil.

Ein ting til slutt. Eg tykkjer det er rart at Trond vil ha 1400 språk i Afrika, der berre eit fåtal av dei kann nå det nivået som trengst for å uppnår moderne kommunikasjon, medan i Noreg der me hev ei rad former for nynorsk som alle hev

Ordskifte med utgangspunkt i John Honeys bok fram til s.59

>Gode dykk

>

>Eg hev kome yver ei interessant bok av John Honey. Boki er sers relevant  
for oss.

ja, absolutt.

>Honey gjeng hardt ut mot t.d. Peter Trudgill, ein viktig støttespelar for  
norske sosiolingvistar i Språkleg Samling.

Det relevante her er ikkje å snakke stygt om dei som er venene til dei vi  
ikkje liker, men evt. å snakke stygt om dei #synspunkta# han ber til torgs.

Honey:

>Across the English-speaking world there is a liberal orthodoxy which  
>opposes the teaching of standard English and grammar in schools.

Er dette ei god skildring av situasjonen?

>But does this truly protect the underprivileged, or has it inflicted  
>lasting educational damage on a generation of children ?

>In this passionately and highly controversial book, Professor John Honey  
>refutes the arguments that have been put forward against standard English  
>and the systematic teaching of grammar. He shows how history has been  
>rewritten to prove that standard English is the creation of the ruling  
>class, and demonstrates that apparently egalitarian notions of Black  
>English and other dialects can limit access to standard English - and hence  
>power- for minority groups. He looks too at the future of English as an  
>international language, discusses whether the worldwide teaching of  
>standard English amounts to linguistic imperialism, and examines whether  
>British will inevitably lose out to American.

Eg vil gjerne lesa denne boka, men eg ser jo kor det ber. Eit par teser om  
dette:

- med honey sin argumentasjon bör underprivilegerte norske barn halde seg  
langt unna alle former for nynorsk, #særleg# Lars Bjarne sin (Lars Bjarne  
er nemleg blant dei som "opposes the teaching of (de facto) standard  
norwegian (dvs. konservativt bokmål) in Norwegian schools). Heldigvis (viss  
honey har rett) følgjer dei fleste underprivilegerte barna denne  
oppfordringa, og viss satsinga på nynorsk som bynorsk held fram (framleis  
17% nynorsk, men større del av dei i oslo-stvg-b-trh) vil denne tendensen  
berre bli forsterka.

- med honey sin argumentasjon bör underprivilegerte barn som snakkar  
non-standard grammars av #andre# språk enn engelsk #også# lære seg standard  
engelsk. Berre slik kan dei unngå "limited access to power". Konsekvensen  
for skolesystemet i Afrika er krystallklår.

- Spørsmålet er det grunnleggande i all målreising, reist allereide av  
Aasen i 1836 og senare i fortalen til grammatikken: kven er det som skal  
lære språket til kven. Honey er klår på dette punktet: Dei svarte skal

ikkje gjera revolusjon, ta makta, eller på anna vis få aksept for at Black English er noko å samle på, nei, dei skal fjerne dette hinderet til makt (det andre hinderet, hufarge, er det som kjent verre å gjera noko med, men alle bekkekr små osb.), og heller lære seg standard engelsk.

Så mitt syn på dette:

Det er enkelt å argumentere for tospråklegheit, for at Afrika skal ha eit autonomt skolesystem, #men# lære seg fransk, #sjølv om# dei sjølvsagt blir dårlegare i fransk når dei i framtida vil lære naturfag, matematikk, historie, religion, stilskriving, osb. på fulfulde og rundt i staden for på fransk. Det same gjeld oss her i Noreg, og engelsken si stilling her (i Helsingfors brer praksisen med engelskspråklege grunnskoler om seg).

Når det gjeld Black English er det verre. Eg ser tre logiske alternativ:

- a. Snakk black english, skriv standard engelsk (NM sin offisielle politikk for Noreg)
- b. snakk standard english, skriv standard english (eg forstår det slik at dette er honey sitt syn, eit syn som heller ikkje er ukjend i den norske debatten)
- c. snakk og skriv black english. I og med at black english delvis har dialekttrekk som er meir konservativ enn standard engelsk (i og med at dei går attende til ulike engelske dialektar) kan dette synet på ein mpåte representere lars bjarne sitt alternativ for Noreg, sjølv om han vel vil protestere her og heller gå inn for alternativ b, viss eg forstår begeistringa i brevet hans rett. Problemet med c. er at det er totalt urealistisk. Den einaste staden der eg KANSKJE kan sjå alternative skriftspråk vekse fram for engelsk, er i sjølvstendige statar som kan kanalisere nasjonalismen sin inn i noko slikt, dei beste kandidatane slik eg ser det er Liberia og New Zealand. Men dei kjem ikkje til å prøve. Dels er den engelske rettskrivinga langt betre enn ryktet sitt, og dels vil vi få ei kinesifisering av engelsk rettskriving, vil eg tru 8stabil rettskriving, med overgang til amerikanskj, her er eg samd med honey i kva vi trur vi skje. Men eg er usamd med honey i at dette forutset at dei svarte og anna underklasse, anten det no er i Liberia eller i New Zealand, også skal #snakke# slik mellomklassa i Boston gjer.

Dessutan, ogher er eg samd med Ulf Telemann, lekfolk trur at ungar lærer å skrive rett norsk, engelsk på skolen viss dei lærer meir #grammatikk#. Dette er berre tøv. Den grammatikkundervisninga ungar har på skolen har ingen ting med grammatikk å gjera, det er berre pugging av eit par latinske termer som læraren ikkje har forstått stort betre enn eleven (korfor vart t.d. plutselig imperfektum til preteritum??), dei språkfeila elevane gjer har ingenting å gjera med om dei hugsar kva som var pluskvamperfektum eller ikkje. Norske elevar gjer framforalt tre typar feil: kommafeil, og/å-feil og feil med særskriving av asamansette ord. Grammatikkpensument er ikkje retta inn mot dette. Og den største feilen tar ikkje grammatikkundervisninga tak i i det heile: for mange skriv for lite, og dermed meistrar dei ikkje kunsten å formulere seg skriftleg, dei er ikkje i stand til å fullføre ei argumenttrekk i skrift, sjølv om det går bra nok når dei snakkar. Kva seier grammatikken til det?

d. (den fjerde logiske kombinasjonen er absurd, av grunnar lesaren kan grunne på sjølv).

Alt i alt ser det ut til at honey si bok er interessant, men eg vil sterkt åtvare mot å tru at vi skal kunne dra noko positivt ut av slikt. Det kan vi først når Orkla sin årsrapport kjem på nynorsk.

Elles står brevet mitt av 8.12. trygt, ser det ut til.

Trond.

---

Gode Trond

Du vil ikkje draga noko positivt ut av at boki er interessant. Greidt nok. Du hev berre lese eit utdrag frå vaskesetelen. Men um du ikkje vert like ivrig kva gong du les vaskesetlar, reknar eg reaksjonen frå deg som sers positiv.

>>Honey gjeng hardt ut mot t.d. Peter Trudgill,ein viktig st ttespelar for  
>>norske sosiolingvistar i Spr kleg Samling.

>

>Det relevante here r ikkje  n snakke stygt om dei som er venene til dei vi  
>ikkje liker, men evt.  n snakke stygt om dei #synspunkta# han ber til torgs.

Eg meiner at eg konstaterar eit faktum. Men greidt   vita at du ikkje likar Spr kleg Samling Trond !!

Til tesane dine

1 Meiner du at Honeys argumentasjon vil  f ra til at taparane vel bokm l og at nynorskprosenten held seg p  same niv  ?

Me kann altso i heldigaste fall n  dei resurssterke.

Er det ikkje nett dei resurssterke me n r ? Akademikarane og borni deira.Fint um du kann skriva kl rare her. Eg veit ikkje um eg skynar kva du meiner.

2 Kor mange spr k vil d y ut i Afrika med standardengelsk uppl ring ? evt andre negative utfall.

3 Er dei svarte i t.d. interessert i   gjera revolusjon. Er det nokon som vil det. Er ikkje det ei motsegjing til c ikkje ein gong i Liberia eller New Zeland vil folk nytta black English.

Eg er elles uviss p  kor mykje det er   henta i fr  direkte spr klege samanlikningar og jamf ringar til den norske m lstoda. Det som ser ut til   gjera Honey interessant er n r han gjeng inn p  den meir prinsipielle

argumentasjonen som vert nytta i spr kordskiftet.

Her meiner eg det er fleire parallellear som kann yverf rast til den norske m lstoda. Eg vil ikkje gjeva meg inn p    g  gjennom boki/skriva synopsis av henne fyrr eg hev lese henne grundigt, so lenger kann eg ikkje   nett no.

Elles vonar eg at de skal lata seg gjera   f  spreidd piratkopiar av boki med det fyrste. NMU hev lova   hjelpa til med dette.

Lars Bjarne

22

alle høve til å verta nytta til moderne kommunikasjon på universitet, i stortinget og yveralt elles her skal han på live og daude ha ein variant av språket.

Eg melder meg med dette på ordskiftet om boka til Honey som heller ikkje eg har lese.

Men eg har lese den utsende vaskesetelen og det Lars Bjarne har skrive om boka, og i tillegg seier Internettet at den heile tittelen er "Language is power : the story of standard English and its enemies" (Faber and Faber 1997). På dette grunnlaget tillet eg meg å senda ut denne vesle bokomtala:

Britisk engelsk har fiendar på alle kantar. Sterkast er presset frå amerikansk engelsk som gjer at jamvel anti-nasjonale (iallfall tidlegare) og venstreradikale engelskmenn som Stephen Walton no har byrja å tala om at det trengst ei britisk målreising og ein purisme mot amerikansk. Bra er det heller ikkje at RP-bruken har byrja gli ut, jamvel i BBC, der unge programleiarar ikkje berre har byrja å losna på slipsknuten, men jamvel dristar seg til å brukar nokre folkelege former i målet. Og ikkje nok med det - i det gamle og diverre ikkje lenger heilt patente britiske imperiet kryr det av fiendar mot dette vakre målet. Nokre stader har barbarane vore så frekke at dei har byrja å laga sine eigne skriftmål. Og kanskje verst av alt er det at nokre nasjonalistisk (huff!) og pedagogisk (dobbelthuff!!) innstilte folk har byrja å gje lokale kreolvariantar av engelsk ei ny og meir talemålsnær rettskriving. I Vesten sit det jamvel raddisar og liberalalarar som trur negrane veit sit eige beste når dei driv på slik.

Ø · 23

Då er det godt å sjå at professor (kvar?) John Honey står uredd fram i striden for det engelske verdsherredømet med denne kontroversielle boka. Sume undrar seg kanskje over at han er sosialdemokrat, men det er det ingen grunn til etter at Blairs New Labor no verkeleg har fått gjennomslag, jamvel i form av smarte bomber i Bagdad.

Og nett på same måte som at bombene i Bagdad EIGENLEG er til beste for det undertrykte irakiske folket som lir under åket til Hitler-Stalin-Saddam, syner Honey med sine smarte lingvist-bomber at å hiva ut engelsken frå dei underutvikla landa i tredje verda er det same som å kjøpa språklege einvegsbillettar attende til det håplause barbariet som rådde før det britiske imperiet (og målet) tende ljuset og gav dei tilgang til Sivilisasjonen. Honey påviser både dei store kulturelle skadeverknadene det vil ha for desse landa (og for England) om dei høgg av banda til engelsk, og dei enorme praktiske problema som gjer at målreisingsideane deira (heldigvis) er totalt urealistiske.

Me går om få dagar inn i 1999, det året me skal markera at det er 100 år sidan Bjørnson heldt den vidjetne tala i Gamle Logen der han fortalte "the story of Norwegian Riksmaal and its enemies" og opna krigen mot landsmålet. Eit slikt jubileum kan berre markerast på ein måte - ved å gjera boka til Honey til obligatorisk lesnad for alle målfolk - på engelsk.

Bokomtale slutt.

Lars Bjarne får korrigera når han har lese boka. I mellomtida synsar eg vidare.

Det er like lett å skriva om kor mange vanskar afrikanske målreisarar står andsynes som det er å skriva om kor vanskeleg det har vore, er og i lang tid framleis vil vera å reisa eit norsk mål. Og me veit godt kven som i 150 år har lagt ut om

24

desse vanskane i Noreg - det er ikkje målfolket. Det er heilt sikkert lærerikt å lesa boka til Honey. Det er òg lærerikt å lesa kva danske professorar i København skreiv om den norske målreisinga på 1800-talet. Men det me kanskje først og fremst burde lesa dersom me vil vita meir om afrikanske måltilhøve, er kva afrikanarane sjølve skriv og korleis dei ser på engelsk. Den lokale Ivar Aasen i Zimbabwe - Herbert Chimhundu - skriv t.d. (i rapporten frå den internasjonale Aasen-konferansen 1996):

"African languages can and should be used in communication or development, for at better understanding of democracy and to facilitate grassroots participation in national affairs. The neglect of the local languages in these circumstances means that, in many cases, the vast majority of the urban workers and rural peasants remain without access to important information which, in turn, makes them both uninformed and disempowered. ... In Zimbabwe ... this situation may well be contrived by a ruling elite in order to maintain the status quo where the interests of an alliance between that elite and foreign interests become paramount."

Chimhundu skriv elles ein heil del om den propagandaen afrikanske målreisingar, som er til forveksling lik det Lars Bjarne skriv. Når det gjeld shona, som nettopp har fått si fyrste ordbok, slår han optimistisk fast at "the survival and indeed standardization and development of the Shona language is guaranteed by the sheer numbers of mother tongue speakers and of the creative genius of the people." (Chimhundu tek forresten gladeleg opp engelske ord med shona-rettskriving og -bøyning og nektar å kalla dei LÅNord, for han har ikkje tenkt å levera dei attende...). Han ser òg lyst på framtida for det nest største målet - ndbele - som no skal få si ordbok. Det vert nytta av 16,5% av dei 11 mill. ibuarane (shona har 75%). Deretter har dei 14 språk att å ta fatt på.

Lars Bjarne skriv:

25

>Phillipson hevdar " Linguists are trained to see any language as potentially fulfilling any function,hence not intrisically superior og inferior to any other language." Lykjelordet er etter Honey potensielt. Kva for nokre prosessar må eit språk gjennom frå å vera eit fyrrlitterært språk til å verta eit språk som kann fylla dei krav som er sett til å formidla moderne vitskap og forsking og alle andre moglege aspekt ved den moderne sivilisasjonen. Gonzales og Batista snakkar um ein edulekt,eit språk som kann formidla moderne utdanning.. Kor lang tid tek det å utvikla slike og kor mykje pengar vil det kosta ? Og kven er viljuge til å betala. Når ein tenkjer på striden for nynorske læremiddel i verdsens rikaste land. Kor sterkt vil ikkje motstanden mot å bruka pengar på språk vera i eit utviklingsland ? Kor mange uppgåvor vil ikkje verta høgare prioritert enn språk ?

>Utfallet vert i lengdi språkdaude.

---

??? Utfallet vert i allfall språkdaude dersom ein i utgangspunktet konkluderer med at alle afrikanske målreisingar er urealistisk og umogleg. Spørsmålet om kva som må til for å gje eit munnleg språk fullt utbygt er elles svært interessant. P.A. Munch hevda i 1852 at landsmålet aldri kunne koma til å formidla moderne vitskap og forsking på alle felt og alle andre moglege aspekt ved den moderne sivilisasjonen (kva no i h... det måtte vera). Jamvel i dag hevdar pressefolk at nn ikkje duger som moderne nyhendespråk. Eg svarar som Aasen: Det einaste som skal til, er at språket vert nytta på desse felta.

Eg tek upp att :

Lykjelordet er etter Honey potensielt. Aasen hev rett,men hev målet vunne fram.

LBM:

>Men Trond hev eit anna løysingsframlegg som eg kjem til nedanfor. Men berre for dei sterkeste språki i Afrika. Dei andre kann berre baksa i veg utanfor all sivilisasjon, utan rikdomen frå engelsk. Nekt dei tilgang til engelsk eller andre store afrikanske språk,og lat dei leva på primitivt vis. Korleis skulde det gå dersom kvart fylkje, for ikkje å segja kvar kommune i Noreg skulde ha sitt eige språk med fulle

rettar. Det hadde ikkje gjenge, for dei hev ikkje råd. Dei same umsyni lyt ein taka i Afrika. Det er pengar og sjølvstende-/ målreisingsvilje som er avgjerande kombinert med materielle resursar som set grensone. Svaret er ikkje å melda seg ut av den moderne sivilisasjonen.

Dr Livingstone, I presume? Dette er som å høyra Munch, Monrad og Bjørnson med tropehjelm.

Sjekk årstali, Oddmund

Dei meinte at den moderne sivilisasjonen kom frå Europa via Danmark og opp til det barbariske nord, medan folk som Aasen, Krohn, Hægstad, Hannaas og Indrebø brukte liva sine på å ein motsett politikk. Ser du ikkje kven du er på lag med?

Vil styremakter prioritera målreising, so gjerne for meg. Kann me stydja målreisarar og læra av deim, so gjerne for meg. Men me snakkar um 1400 språk som skal arbeidast fram heilt upp til umråde der japansk, russisk og kinesisk tapar domene for engelsk. Er det større målreisingsvilje millom dei som nyttar dei 1400 afrikanske språki enn millom russar, kinesarar og japanar som driv forsking og handel.

Problemstillinga er dessutan ikkje om framandspråksundervisninga (engelsk, fransk) i Afrika skal avskaffast, like lite som det er ei problemstilling i norsk målstrid å avskaffa framandspråksundervisninga.

Nei, problemet er ikkje at me hev for lite engelsk umkring oss. Heller at me hev for mykje. Difor er det største problem å læra oss nok engelsk. Det problemet er enno større for dei som skal arbeida fram sitt eige mål i den grad dei lyt taka utgangspunkt i engelsk, og det må dei.

Dette er eit poeng ein ikkje kann ironisera burt etter mitt syn. Endå ei tvilsam samanlikning. Aasen og Garborg er sagt å ha vore fenomale til å skriva dansk. Dei laut læra seg kolonispråket fullt ut fyrr dei kunde dana upptakten til ei norsk målreising. Korleis skulde det ha gjenge, utan at dei kunde dansk so vel !!

Me lyt bøygja oss for den engelske imperialismen me i sumt, trass i at Telenor hev vore med på å skyta upp ein av dei største kommunikasjonssattelittane til NASA.

Dessutan trudde eg du var rimeleg skeptisk til å overföra språkgods frå bokmål til nynorsk.

Anbeheitelse ord utgjer berre ein liten del av bokmålet. Dei fleste ordi hev me vel sams, eller ?

Dersom det er ein umogleg tanke at kvar kommune i Noreg skulle ha sitt eige språk, får du gje ordføraren i Vik ein strekk, for der har heradsstyret gjort vedtak om å bruka i-mål. Dette skriv eg berre i ein freistnad på å vera morosam, for samanlikninga er absurd. Chimhundu lagar ikkje eitt skriftmål for kvar shonadialekt (men derimot har dei opna for ein viss variasjon slik at det er mogleg å bruka nokre ulike dialektformer).

Eg samanlikna ikkje med eit land, men med eit heilt kontinent.

LBM:

>Nynorsken lever godt på den korte avstanden til bokmålet. Me kann yverföra språkgods beinveges  
>frå bokmål.

Avstanden mellom nokre av dei 16 språka i Zimbabwe er heller ikkje særleg stor (for berre å ta eitt døme). Dessutan trudde eg du var rimeleg skeptisk til å overföra språkgods frå bokmål til nynorsk.

29

Anbeheitelse ord utgjer berre ein liten del av bokmålet. Dei fleste ordi hev me vel sams, eller ?

LBM:

Me er rike og staten tykkjer synd i nynorsken, og gjev oss pengar. Me er eit rikt land med mange idealistar som gjev personlege gåvor og gjer friviljukt arbeid. Og me er eit land med høgare utdaningsinstitusjonar der det er lov til å nytta nynorsk millom studentane (dei vitskapleg tilsette er det verre med jmf. td. diverse historikarar som hev vorte pressa til å skriva bokmål), og der ingen kann segja at dei ikkje skynnar målet, endå um dei ikkje vil.

Det er ikkje stoda i dag du skal jamføra med, men stoda i 1840-åra då Aasen tok til med målreisingsarbeidet. Då var Noreg eit lutfattig land med därlegare høgare utdanningsinstitusjonar enn dei fleste afrikanske land har i dag. Dessutan vil eg vera svært varsam med å gjera idealisme til noko som berre finst i Noreg og andre rike vestlege land. Eg ville derimot vore mindre varsam med å hevda det motsette!

Det er heilt rett at Peter Trudgill har nære band til norske mål blandarar, som Ernst Håkon Jahr og Tove Bull, og har vore viktig for 70-talsgenerasjonen av norske sosiolinguistar. Men å slutta frå dette at sidan Honey er mot Trudgill, lyt me vera for Honey, er like gjevande som å gjera det til den sentrale konfliktlinia i norsk målstrid anno 1998 om ein er for eller mot samnorsk.

Meir om det seinare. No har eg tenkt å ha litt meir ferie.

Framleis god jul frå

Oddmund

Oddmund serverar eit innlegg i framifrå ironi. Men ironien skyt sume stader yver mål. Men sånn skal det vera i eit friskt ordskifte.

Eg hev vore medvitnen provokatorisk, og vert tolka deretter. Eg vil difor understreka. Eg er ikkje mot målreisingar i Afrika !! Men det er 1400 mål å reisa. Eg hevdar at det berre er dei største som vil greida seg. Måtte framtid syna at eg tek feil. So vidt eg kann forstå Honey er han heller ikkje mot målreisingar i Afrika. Men han reagerar sterkt på at folk som Phillipson hevdar at det er betre at engelsklærarane vert sett til å laga papir av bananskal (sjekk umsetningi mi når de fær tak i boki) enn å læra born som ikkje hev eit skriftfest morsmål engelsk. For å halda fram samanlikningane. Korleis skulde det ha gjenge med målreisingi um ikkje Aasen, Vinje og Garborg hadde lært seg dansk ?

Elles er eg 100 prosent samd med Oddmund i at me lyt høyra på afrikanarane sjølve.

Det er dei som avgjer dette. Men når Oddmund trekkjer fram eit land og ironiserar mot det eg hev skrive um eit heilt kontinent, vert samanlikningane skeive. Generaliseringane hans heng ikkje på greip. Eg trekte fram Namibia. Oddmund trekkjer inn shona i Zimbabwe. Men kva med Ny Guinea som visst nok skal ha 800 språk ?

Eg kann roa Oddmund med at britisk engelsk trulegt stend sterkt. Dei fleste skular i Europa og truleg òg Aust-Europa vil halda seg til britisk-engelsk. Ulikskapar i språkføringi er til å leva med. Honey vil elles ha eit språkråd eller akademi til å sjå på um det er - grunn - til å gjera noko med normeringi av engelsk. Eg trur han stend nærmare deg og NM enn meg her Oddmund.

Kampen hans for Standardengelsk er ikkje minst ein kamp for å styrkja språkdelen av engelskfaget i skulen. Er me mot betre språkupplæring,neppe. Det inneber upplæring i standardtalemål hjå Honey. Og det er truleg her usemjø millom oss er,

30

eller tek eg feil ? Både i England og i Noreg. Og eg er fullt merksam på at nynorsken og høgnorsken vil verta tilsidesett med talemålsnormering utfrå rådande stoda.

Svart engelsk og lokale dialektar skal ikkje nyttast i den offisielle upplæringi, um eg skynar Honey rett. Det gjer eg nok. Når ein snakkar um kva folk meiner sjølv, so viser Honey til at dei svarte sjølv ynskjer å nyutta standardengelsk. Dei fremste representantane for den svarte borgarrettsrørsla hev nyutta standardengelsk heilt fram til idag. Det er lingvistane som vil at det skal vera onnorleis. Fordomane sit godt fast i folk, jamvel i dag, um ein skal sjå på det med lingvistiske brillor.

Lars Bjarne skriv:

>Phillipson hevdar " Linguists are trained to see any language as potentially fulfilling any function, hence not intrinsically superior or inferior to any other language." Lykjelordet er etter Honey potensielt. Kva for nokre prosessar må eit språk gjennom frå å vera eit fyrrlitterært språk til å verta eit språk som kann fylla dei krav som er sett til å formidla moderne vitskap og forsking og alle andre moglege aspekt ved den moderne sivilisasjonen. Gonzales og Batista snakkar um ein edulekt, eit språk som kann formidla moderne utdanning.. Kor lang tid tek det å utvikla slike og kor mykje pengar vil det kosta ? Og kven er viljuge til å betala. Når ein tenkjer på striden for nynorske læremiddel i verdsens rikaste land. Kor sterkt vil ikkje motstanden mot å bruka pengar på språk vera i eit utviklingsland ? Kor mange oppgåvor vil ikkje verta høgare prioritert enn språk ?

>Utfallet vert i lengdi språkdaude.

---

OH

31

??? Utfallet vert i allfall språkdaude dersom ein i utgangspunktet konkluderer med at alle afrikanske målreisingar er urealistisk og umogleg.

LB

Vil du segja det motsette. Er alle afrikanske målreisingar realistiske og mogleg ?

OH

Spørsmålet om kva som må til for å gjera eit munnleg språk fullt utbygt er elles svært interessant. P.A. Munch hevda i 1852 at landsmålet aldri kunne koma til å formidla moderne vitskap og forsking på alle felt og alle andre mogleg aspekt ved den moderne sivilisasjonen (kva no i h... det måtte vera). Jamvel i dag hevdar pressefolk at nn ikkje duger som moderne nyhendespråk. Eg svarar som Aasen: Det einaste som skal til, er at språket vert nytta på desse felta.

Eg tek upp att :

Lykjelordet er etter Honey potensielt. Aasen hev rett. Men det einaste som skal til, er ofte ikkje mogleg av di det er mange ting som skal til for at ein skal koma fram til dette einaste

LBM:

>Men Trond hev eit anna løysingsframlegg som eg kjem til nedanfor. Men berre for dei sterkeste språki i Afrika. Dei andre kann berre baksa i veg utanfor all sivilisasjon, utan rikdomen frå engelsk. Nekt dei tilgang til engelsk eller andre store afrikanske språk, og lat dei leva på primitivt vis. Korleis skulde det gå dersom kvart fylkje, for ikkje å segja kvar kommune i Noreg skulde ha sitt eige språk med fulle rettar. Det hadde ikkje gjenge, for dei hev ikkje råd. Dei same umsyni lyt ein taka i Afrika. Det er pengar og sjølvstende-/ målreisingsvilje som er avgjerande kombinert med materielle resursar som set grensone. Svaret er ikkje å melda seg ut av den moderne sivilisasjonen.

37

Dr Livingstone, I presume? Dette er som å høyra Munch, Monrad og Bjørnson med tropehjelm.

LB

Det er ikkje ofte eg tykkjer det er grunn til å sitera Koht, men her skal eg gjera det. Det viktigaste i soga er årstali. Um du ser burt frå at eg skriv i 1998, og berre hengjer deg upp i ord som primitiv og sivilisasjon, kann eg skyna assosiasjonane. Sjekk årstali, Oddmund.

Hadde nokon av dei gamle Munch mfl. tru på målreisingsviljen i folket? Hadde dei tru på Swahili, Shona og andre store afrikanske språk.

Eg snakkar um 1400 språk og eit heilt kontinent. For fleire språkumråde vil valet, so langt eg hev skyna, vera millom engelsk eller ingi upplæring i det heile. Eg yverlet til folki sjølv å avgjera. Hev dei råd til å leiga inn Trond eller andre lingvistar so gjerne for meg, men eg vil ikkje fordøma dei um dei vel engelsk. Er folk i Namibia ævlegt fordømt av oss. Er dei eit offer for imperialisme. NB!!! ordvalet primitiv og sivilisasjon er nytta sterkt provokatorisk, og fekk tilskikta verknad.

OH

Dei meinte at den moderne sivilisasjonen kom frå Europa via Danmark og opp til det barbariske nord, medan folk som Aasen, Krohn, Hægstad, Hannaas og Indrebø brukte liva sine på å ein motsett politikk. Ser du ikkje kven du er på lag med?

LB

Heilt utmerka um folk i Afrika kann læra seg fleire eller andre språk enn engelsk. Men sjølv Indrebø lærde mykje av Ibsen og Bjørnson, og bøkene deira kom frå Danmark. Vil styremakter prioritera målreising, so gjerne for meg. Kann me stydja målreisarar og læra av deim, so gjerne for meg. Men me snakkar um 1400 språk som skal arbeidast fram heilt upp til umråde der japansk, russisk og kinesisk tapar



domene for engelsk. Er det større målreisingsvilje millom dei som nyttar dei 1400 afrikanske språki enn millom russar, kinesar og japanar som driv meir og meir forsking og handel på engelsk.

OH

Problemstillinga er dessutan ikkje om framandspråksundervisninga (engelsk, fransk) i Afrika skal avskaffast, like lite som det er ei problemstilling i norsk målstrid å avskaffa framandspråksundervisninga.

LB

Nei, problemet er ikkje at me hev for lite engelsk umkring oss. Heller at me hev for mykje. Difor er det største problem å læra oss nok engelsk. Det problemet er enno større for dei som skal arbeida fram sitt eige mål i den grad dei lyt taka utgangspunkt i engelsk, og det må dei.

Dette er eit poeng ein ikkje kann ironisera burt etter mitt syn. Endå ei tvilsam samanlikning. Aasen og Garborg er sagt å ha vore fenomale til å skriva dansk. Dei laut læra seg kolonispråket fullt ut fyrr dei kunde dana upptakten til ei norsk målreising. Korleis skulde det ha gjenge, utan at dei kunde dansk so vel !! Hadde dei greidd å yverføra all den kunnskapen dei las seg til på dansk til norsk då ?

Ein sløv feriemerknad.

Me lyt bøygja oss for den engelske imperialismen i sumt, trass i at Telenor hev vore med på å skyta upp ein av dei største kommunikasjonssattelittane til NASA. Ein sattelitt som skal spreida meir engelsk enn bokmål/nynorsk til den store verdi. Det segjest at Noreg var den tridje største innskytaren.

OH

Dessutan trudde eg du var rimeleg skeptisk til å overføra språkgods frå bokmål til nynorsk.

LB

Anbeheitelse ord utgjer berre ein liten del av bokmålet. Dei fleste ordi hev me vel sams, eller ?

OH

Dersom det er ein umogleg tanke at kvar kommune i Noreg skulle ha sitt eige språk, får du gje ordføraren i Vik ein strekk, for der har heradsstyret gjort vedtak om å bruka i-mål. Dette skriv eg berre i ein freistnad på å vera morosam, for samanlikninga er absurd. Chimhundu lagar ikkje eitt skriftmål for kvar shona-dialekt (men derimot har dei opna for ein viss variasjon slik at det er mogleg å bruka nokre ulike dialektformer).

Eg samanlikna ikkje med eit land, men med eit heilt kontinent.

Takk for lærerike innspel, Oddmund.

Beste helsing

Lars Bjarne

Honey viser til at dogmet um lingvistikk likskap. Fyrr dette dogmet vart fastslege hadde B. Bernstein utvikla ein språkskortteori. Denne teorien gjekk ut på at ein hadde two språklege kodar. Den eine koden var knytt til konkret språkbruk, ein avgrensa kode. Og ein fann denne kode hjå born til lågt utdana menneske. Ein annan kode som ein fann hjå høgt utdana var knytt til abstrakt språkbruk, ein utvida kode. Bernstein meinte at det måtte vera eit mål å få utvikla ein utvida språkkode hjå born med ein avgrensa språkkode. Denne teorien var akseptert og vist til som autoritativ fram til kring 1972.

I 1972 skulde det skje eit vendepunkt i sosiolingvistikken. Frå då av utvikla dogmet um lingvistisk likskap seg. Dette dogmet er representert ved fleire lingvistar. Eit hovudpunkt for Honey er å retta kritikk mot Labov. Labov gjorde eit arbeid i 1972 som hev vorte klassisk og dogmekonstituerande. Han let ein svart gut, ein 15 år gammal gjengleidar få snakka um korvidt Gud er kvit eller svart i svart engelsk og samanliknar dette med ein gut på same alder som snakka standardengelsk.

Den svarte guten er sitert på dette. Han argumenterer mot at Gud er svart :

Why ? I'll tell you why 'Cause the average whitey out here got everything, you dig ? And the nigger ain't got shit, y'know? Y'unnerstan`? So -um, for- in order for that to happen, you know it ain't no black that's doin`that bullshit.

Labov konkluderar med at dette er ein svært glup samtalepartnar som kann bruka det engelske språket som ein ekspert til mange ting. Larry som guten heiter er i stand til å føra fram eit avansert argument for at Gud ikkje er svart.

Denne guten vert kontrastert med ein millomklassegut som hev skrive ei utgreiding um trolldom og hekseri. Labov meiner at Charles, som denne guten heiter, i motsetnad til Larry ein ordgytar som strevar etter å få fram det han vil segja. Charles nyttar ein innvikla ordflaum, medan Larry derimot er kvikk, initiativrik og kann gjera seg upp ei meining.

Konklusjonen til Labov vert at dei svarte borni ikkje lid av språkskort, dei hev berre eit anna språk enn den kvite standardformi av amerikansk engelsk. For skulen må uppgåva vera å måta undervisningi til det talemålet elevane hev, ikkje å pressa nedver dei ei språkform som i siste instans er framand for dei, trass i at ho er offisiell og offentleg og yverført gjennom lang skriftleg

tradisjon. Venås 1991 Labov gjeng jamvel lenger han hevdar at denne formi for engelsk, svart engelsk er betre enn vanleg engelsk og meir tenleg. Me burde altso læra oss svart engelsk nokon kvar. Dei som snakkar svart engelsk er betre forteljarar, argumenterar betre og er betre til å føra ordskifte.

Honey er sterkt kritisk til metodane til Labov

Honey peikar på at Larry fekk ei rad spørsmål fram mot argumentførsla. Charles starta å leggja ut utfrå eit spørsmål og resonnerte umkring det. Bakgrunnen for dei intervju i Labov gjorde er ikkje gjort greida for. Kvifor var desse to gutane valde ut? Var dei representative? Intervju vart gjorde utan at Labov hadde kontrollert forsøki. Poenget hans var nett at kontrollerte forsøk ikkje vilde føra til noko. LB Med kontrollerte forsøk vilde ein berre koma til å gjera dei same feili som Bernstein. Ein vilde ikkje få fram det geniale aspektet ved svartengelsk.

Utfallet vart

1 Labovs konklusjonar vart slukt rått. Ei tekstbok frå 1979 oppsumerte at Labovs arbeid hadde vorte godteke utan mykje kritikk. Peter Trudgill førde resultati yver til England i 1975 med boki *Accent, Dialect and the school*. Denne boki vart helst velkommen i Times Educational Supplement as a salutary antidote to the obsession with standard English which has been a feature of our educational system". Labov vart sett høgt upp på pensumlistene i England etter dette.  
2 Bernsteins teori um dei two kodane vart uglesett og miste all vitskapleg frægd. Bernstein vart stempla som politisk ukorrekt.

Alt skjedde utan nokon serleg diskusjon. Ideologien var viktigare enn diskusjonen.

Det er elles artig å merka seg at Ragnar Rommetveits bok um språkpsykologi, trass i at boki kom ut i 5 upplag i 1992 ikkje finn grunn til å nemna Labov, medan Bernsteins teori vert dryfta. Dessutan trekkjer Rommetveit s.217- inn Hess og Shipman, 1966, s.881. Dei fylgde opp Bernsteins teoriar med kontrollerte forsøk. Rommetveit meiner at kor som er, ligg det fyre ein kommunikasjonssvikt millom born som nyttar den avgrensa koden og lærarane. Denne kommunikasjonssvikten må yvervinnast.

Honey syner til Deborah Camerons bok ideologies inn language. Ho peikar på at motstanden mot ideen um at det skal nyttast svart engelsk i skulebøker er stor millom svarte foreldre. Serleg stor er motstanden av di dei kvite talsmennene for svart engelsk, ikkje kunde tenkja seg å gjeva sine eigne born upplæring i svart engelsk!!! Etter mitt syn, er det vanskeleg å sjå likskapar til visse samnorskideologar frå Arbeidarpartiet, td. utanriksråd Hallvard M. Lange som sat i Oslo-skulestyre i 1939 og innførde samnorskformene. Karen nyttar eit framifrå riksmalet, men folket skulde nyttta samnorsk. Men når borni til slike folk fekk samnorskformer i bøkene sine fekk pipa ei onnor læta.

Når ein vert so upphengd i ideologi at ein ikkje er ljodvar for kva folk vil,er ein på ville vegar. Korleis det kann vera råd å samanlikna nynorsk med svart engelsk er ei gåta for meg ? Samnorsk er ordet. Når ein ser burt frå at talemålsnormering framleis er legitimt i England, kann ein segja at på same måte som ingen er mot dialektane i Noreg er det neppe nokon som er mot dialektane i England,men alt til sitt bruk.

Labovs forsking er talemålspedagogikk som hev vore ført vidare til Noreg. Skriv som du snakkar eller berre snakk. Me skal ikkje ha nokon normal,alle skal få skriva so nært upp til dialekten sin/talemålet sitt som råd. Dei som skriv. høgnorsk,nynorsk eller norskdansk er berre ordgytarar. Medan dei som skriv breid dialekt/talemålsnært osb. er frigjorte,intelligente,gode forteljarar og debattantar. I dag lyt jamvel Sandøy vedgå at forsking viser at i dialektlandet Noreg er det like mange som ytrar seg offentleg som i standardtalemålsland som Sverige og Danmark. Spør Sandøy,um de skal ha tittelen på rapporten som syner dette.

Men det er meir i denne soga. Mykje meir.

Språk er noko medfødd hevdar Chomsky. Alle hev ei intuitiv evna til å meistra språk,difor er det tidheft å gjeva seg inn på å læra språk. Chomsky hevdar alle born hev eit medfødd mynster som dei nyttar når dei skal læra språk. Dette mynsteret er det same. Det er nedlagd i menneski. Det fører med seg ei fyrestelling av at alle språk utan vidare er like gode og at det berre er å setja i gong å bruaka dei, utan at vidare til kva som helst. Honey hevdar at um ein yverførde dette til samfunnssfagi måtte ein segja at kvalitative vurderingar av språk og dialektar er like tvilsame som kvalitative vurderingar av samfundsinstitusjonar og menneskesamfund.

Sosiolingvistar som Labov er mindre upptekne av teoretiske mekanismar som gjer av born tileignar seg språk enn av den ovstore variasjonen millom språk og dialektar i den røynde verdi. Chomskys teori er ikkje meint å umfatta språkformer som folk flest nyttar. Chomskys teori byggjer på eit kunstig/tenkt språksamfund som ikkje finst nokon stad. Fyremålet er å få fram tenkte underliggende grammatikken som kvar språkbrukar hev.

I sume tilfelle vert likevel Labov og Chomsky vikla i hop.Psykolingvisten Steve Pinker gav i 1994 ut boki The language Instinct.Boki var ein bestseljar. Pinker hevdar at alle brukarar av non-standard dialects vert bada i verbal stimulans frå morgen til kveld. Men um me ikkje delar den lovsongen til Labov yver at ingen språk kann føra til språkskort (avvisingi av Bernstein),må ein slå fast at kvaliteten på den språklege stimuleringi spelar ei viktig rolla.

Pinker slær fleire stader fast at språk ikkje er eit kulturprodukt (cultural artefact), eit produkt av å leva i eit sermerkt samfund, men heller eit biologisk instinkt. Born treng ikkje å læra grammatikk og språk. Desse reglane er programmerte inn frå naturen si sida. Han styd seg til Chomsky her.

Men ikkje nok med dette han held fram med å segja at alle språk og dialektar er like, og at alle brukar dei suverent.

Honey kritiserar Pinker for å ikkje vera merksam på at Chomsky byggjer på ein idealsamfundsmodell. Chomsky og hans medhaldsmenn må yverførast til praktiske språkbruksituasjonar innanfor ein aktuell variant av eit aktuelt språk i eit heilt sett av kvardagslege situasjonar. Sosiolinguistane hev bygt på at Chomskys teoriar kann yverførast frå den kunstige teoretiske råma til praktiske språkbruksituasjonar innanfor ein aktuell variant av eit aktuelt språk i eit heilt sett av kvardagslege situasjonar. Men dei hev sett burt frå språkhaldningane, normer for språkbruk osb. Treng eg å peika på relevansen til den norske målstoda? Ja vel. Me treng for all del ikkje å fortelja folk at dei skal driva måldyrking. Bokmålisering er heilt i orden språket er jo programmert inn i oss, og ikkje eit kulturprodukt. Me finn dei idelle rettskrivingane/normalane ved å granska talemålet her og no. Dialektane med sine einskildformer er heilage og urørlege. Bokmåliseringi er ei naturleg utvikling som me ikkje skal meina noko um. Denne antiaktivismen representert ved norske sosiolinguistar bygd på fordomar og tvilsame samansetjingar av "forsking", må kjempast på defensiven.

Dette var berre litt. Vonlegt kann eg leggja fram meir, når det byd seg høve til å skriva.  
For det er meir mykje meir.

Beste helsing  
Lars Bjarne

Eg har arbeidd nær 2 år i Zambia, der all undervisninga skjer på engelsk.

Frå dei startar på barneskolen får elevane undervisninga på engelsk, ofte av lærarar som sjølv ikkje heilt meistrar dette språket.

I overfylte skolar med 60 elevar i klassen, tre skift om dagen, med tildels dei same lærarane og med få böker, og i tillegg undervisning på eit språk du ikkje skjønar.

Ikkje rart også mange av dei som får gå på skole endar opp som analfabetar.

Eit lite mindretal av innbyggjarane forstår tilstrekkeleg engelsk til å kunne lesa ei avis, men like fullt er engelsk offisielt språk.

Alle rettsforhandlingar og alle forhandlingar i parlament skjer på engelsk.

Det vart til og med foreslått at kandidatar til parlamentsvalet måtte avleggja prøve på om dei var tilstrekkeleg dyktige i engelsk for å få lov til å stilla til val

Språk er makt i langt større grad enn vi er vane med i Noreg når ein har slike tilhøve.

Eg spurde fleire utdanna zambianarar kvifor dei valde engelsk som offisielt språk då dei fekk sjølvstendet i 1964. Svaret var for så vidt logisk:

Det er ikkje vi som har laga grensene, det er det kolonimaktene som har. Kva språk skulle vi velja? For å unngå borgarkrig valde dei engelsk.

Eg spurde også om det ikkje hadde vore mogelg å konstruera eit slag fellesspråk på tvers av dei største språka i landet. Dette hadde vore diskutert alvorleg i samband med frigjeringa, men dei meinte at dette var eit alt for stort prosjekt å gje seg i kast med, ikkje minst når dei nesten ikkje hadde universitetsutdanna folk den gongen.

No er det nok tyngre å setja i gang med eit slikt prosjekt.

Framtidstrua frå frigjeringa har bleikna og fattigdomen vokse.

Nei, hovedproblemet med engelsk i Afrika er at dei i bruker engelsk.

Når det er sagt, er det ingen tvil om at den skriftlege engelsken er særegen afrikansk, og kva er galt med det?

Mads Løkeland

---

Før Honey-ordskiftet pensa over til Afrika, var Lars Bjarne og Trond inne på tilhøvet mellom målpolitikk og målvitskap, og eg vil ta opp tråden med utgangspunkt i Honey-referatet til LBM (bra tiltak forresten).

Referatet styrkjer meg i trua på at boka til Honey ikkje er staden der norske målfolk bør finna inspirasjon. Problemet med den måten Lars Bjarne brukar Honey på norsk målstrid, er at han i iveren etter å dunka samnorskarane og dialektromantikarane i hovudet, tyr til kritikk frå høgre (riksmålssida) på line med kritikk frå venstre (nynorsksida). LBM må lesast som at han meiner spørsmålet for/mot samnorsk er overordna spørsmålet for/mot bokmål, og då meiner eg målreisinga kjem på ville vegar. Det største trugsmålet mot nynorsken i dag er bokmålsveldet, og ideologiprodusentar (både norske og utanlandske) som står opp om bokmålsveldet høyrer til mellom dei fremste motstandarane våre.

Labov og Trudgill har vore til inspirasjon for norske samnorskarar og for dei som i dag ynskjer dialektvariasjon og anbeheitelse i nn - javel (eg går i denne omgangen med på forenklinga). Men kva var det Labov/Trudgill og mange andre sosiolingvistar gjorde og gjer i england og USA? Det målpolitiske programmet deira har vore å få fram at dialektane ikkje er därlegare språksystem enn standardtalemålet, men like gode, og difor har det t.d. vore viktig for dei å kalla standardtalemålet for "a dialect" på line med andre dialektar. Dei har gått til åtak på den sterke dialektundertrykkjingga og arbeidd for å auka statusen til dialektane, deiar arbeidd for å gjera dei språksosiale skilja mindre og for eit skriftmål som mindre talemålsfjernt og dermed lettare å læra (som alle veit, er det engelske skriftmålet heilt på trynet). I Noreg vart sosiolingvistikken og utanlandske

41

autoritetar nytta for å gå til åtak på eit syn som seier at bokmålet i skrift og tale er eit meir høgverdig mål enn dialektane og nynorsken.

Mesteparten av dette er såleis slikt som tener nynorsken i striden mot bokmålet. Så var det ein del som gjekk eit steg vidare. Dei meinte at ein måtte vera mot alle standardtalemål, både bm, nn og engelsk, at endå større talemålsnærleik var viktig i nn som i engelsk osb. Dei gløymde m.a. at nn er eit pressa mindretalsmål som framfor alt må byggja opp slagkraft mot bokmålet og oppførde seg som om dei forvalta eit verdsspråk.

>Utfallet vart

>! Labovs konklusjonar vart slukt rått. Ei tekstbok frå 1979 uppsumerte at Labovs arbeid hadde vorte godteke utan mykje kritikk. Peter Trudgill førde resultati yver til England i 1975 med boki *Accent,Dialect and the school*. Denne boki vart helst velkommen i Times Educational Supplement as a salutary antidote to the obsession with standard English which has been a feature of our educational system". Labov vart sett høgt upp på pensumlistene i England etter dette.

>2 Bernsteins teori um dei two kodane vart uglesett og miste all vitskapleg frægd. Bernstein vart stempla som politisk ukorrekt.

Slik eg les oversynsverka (t.d. Mål og miljø), var intensjonane til Bernstein dei aller beste. Men han opererte med eit skilje mellom "avgrensa" og "utvida" språkkodar som høgresida nytta til å stø opp om vanlege påstandar om at underklasseungar var 'dummare' enn overklasseungar osb.

>Alt skjedde utan nokon serleg diskusjon.Ideologien var viktigare enn diskusjonen.  
>Det er elles artig å merka seg at Ragnar Rommetveits bok um språkpsykologi,trass i at boki kom ut i 5 upplag i 1992 ikkje finn grunn til å nemna Labov,medan Bernsteins teori vert dryfta. Dessutan trekkjer Rommetveit s.217- inn Hess og Shipman,1966,s.881. Dei fylgde upp Bernsteins teoriar med kontrollerte forsøk.

Rommetveit meiner at kor som er, ligg det fyre ein kommunikasjonssvikt millom born som nyttar den avgrensa koden og lærarane. Denne kommunikasjonssvikten må yvervinnast.

Ja, det meinte Aasen òg. Løysinga hans var at eliten skulle nytta målet til ålmugen, ikkje omvendt.

Eg har ikkje lese Rommetveit, men sidan han er språkpsykolog, ikkje sosiolingvist, er det skjøneleg at han interesserer seg meir for Bernstein enn Labov.

>Honey syner til Deborah Camerons bok ideologies inn language. Ho peikar på at motstanden mot ideen um at det skal nyttast svart engelsk i skulebøker er stor millom svarte foreldre. Serleg stor er motstanden av di dei kvite talsmennene for svart engelsk, ikkje kunde tenkja seg å gjeva sine eigne born upplæring i svart engelsk !!! Etter mitt syn, er det vanskeleg å sjå likskapar til visse samnorskideologar frå Arbeidarpartiet, td. utanriksråd Hallvard M. Lange som sat i Oslo-skulestyre i 1939 og innførde samnorskformene. Karen nytta eit framifrå riksmål, men folket skulde nytta samnorsk. Men når borni til slike folk fekk samnorskformer i bøkene sine fekk pipa ei onnor læta. Når dei såg språket i bruk, vart det slutt på velviljen. Når ein vert so upphengd i ideologi at ein ikkje er ljodvar for kva folk vil, er ein på ville vegar. Korleis det kann vera råd å samanlikna nynorsk med svart engelsk er ei gåta for meg? Samnorsk er ordet.

Du sluttar for raskt frå vilkårleg likskap i visse situasjonar til det ålmenne. Det er sikkert mykje rett i at svart engelsk har klårare parallellear til samnorsk/radikalt bokmål enn til nynorsk, men det er ikkje det du provar her. Det er heller ikkje vanskeleg å finna døme på bokmålsskrivande opp gjennom soga som har argumentert for nynorsk, men aldri kunna tenkja seg å skriva målet sjølv, og som me veit så alt for godt, ynskjer over 80% av norske foreldre at borna deira ikkje skal ha nynorsk. Det ålmenne i dette er den motsatnden som alle skriftmål med låg status møter.

>I sume tilfelle vert likevel Labov og Chomsky vikla i hop. Psykolingvisten Steve Pinker gav i 1994 ut boki *The language Instinct*. Boki var ein bestseljar. Pinker hevdar at alle brukarar av non-standard dialects vert bada i verbal stimulans frå morgen til kveld. Men um me ikkje delar den lovsongen til Labov yver at ingen språk kann føra til språkskort (avvisingi av Bernstein), må ein slå fast at kvaliteten på den språklege stimuleringi spelar ei viktig rolla.

Ja, og i Noreg heiter det bokmålsveldet.

>Språk er noko medfødd hevdar Chomsky. Alle hev ei intuitiv evna til å meistra språk, difor er det tidheft å gjeva seg inn på å læra språk. Chomsky hevdar alle born hev eit medfødd mynster som dei nyttar når dei skal læra språk. Dette mynsteret er det same. Det er nedlagd i menneski. Det fører med seg ei fyrestelling av at alle språk utan vidare er like gode og at det berre er å setja i gong å bruka dei, utan at vidare til kva som helst. Honey hevdar at um ein yverførde dette til samfunsfagi måtte ein segja at kvalitative vurderingar av språk og dialektar er like tvilsame som kvalitative vurderingar av samfundsinstitusjonar og menneskesamfund.

Det hadde vore svært interessant å høyra korleis Honey argumenterer for dette. Er poenget hans å påvisa at mykje brukte språk (t.d. engelsk) er meir utbygde enn mindre brukte språk (t.d. grønlandske eller høgnorsk) ut frå krava som vert stilte i eit moderne vestleg samfunn? I så fall har han ikkje kome med nye og grensesprengjande opplysningiar. Eller er sume språk mindre eigna til å verta utbygde enn andre? Det ville vore ein påstand som det svingar av!

>Honey kritiserar Pinker for å ikkje vera merksam på at Chomsky byggjer på ein idealsamfundsmodell. Chomsky og hans medhaldsmenn må yverførast til praktiske språkbrukssituasjonar innanfor ein aktuell variant av eit aktuelt språk i eit heilt sett av kvarlagslege situasjonar. Sosiolinguistane hev bygt på at Chomskys teoriar

kann yverførast frå den kunstige teoretiske råma til praktiske språkbrukssituasjonar innanfor ein aktuell variant av eit aktuelt språk i eit heilt sett av kvardagslege situasjonar.. Men dei hev sett burt frå språkhaldningar,normer for språkbruk osb. Treng eg å peika på relevansen til den norske målstoda ? Ja vel. Me treng for all del ikkje å fortelja folk at dei skal driva måldyrking. Bokmålisering er heilt i orden språket er jo programmert inn i oss,og ikkje eit kulturprodukt. Me finn dei idelle rettskrivingane/normalane ved å granska talemålet her og no. Dialektane med sine einskildformer er heilage og urørlege. Bokmåliseringi er ei naturleg utvikling som me ikkje skal meina noko um.

>Denne antiaktivismen representert ved norske sosiolingvistar bygd på fordomar og tvilsame samansetjingar av “forsking”,må kjempast på defensiven.

Eg har framleis til gode å møta ein norsk sosiolingvist som er interessert i Chomsky. Chommer'n har tvert imot erta på seg sosiolingvistar verda over med å ekskludera sosiolingvistikken frå lingvistikken. Eg er ikkje i stand til å skjøna korleis det du skriv om (Honeys kritikk av) Chomsky har nokon samanheng med som kjem etter om den norske målstoda, t.d. at Chomsky vert nytta eller kan nyttast til å forsvara bokmåliseringa.

Konklusjonen (bort med anti-aktivismen hjå sosiolingvistane) er eg mykje samd i, og då er me inne på det tidlegare ordskiftet. Trond skreiv ein gong:

>Elles ser eg lite til at det politiske grunnsynet  
>går att i sjølve reslutata, politikken til sandøy finn du i valet hans av  
>forskningsobjekt (dialektar heller enn språket til t.d. Jens Bjørneboe eller  
>Karl Glad, eller Kjartan Fløgstad, Ø.B.karlsen eller O.H.Hauge for den del)  
>og ikkje i forskningsresultata hans (t.d. i detaljane i syntaksen i  
>vestnordiske aspektkonstruksjonar)

Held me oss til sosiolingvistikken, er det på ingen måte så vel at det politiske grunnsynet einast kjem til uttrykk i valet av forskningsobjekt. Når dialektendringar

og variasjon skal forklarast, kryr det med dårlig løynde (og meir eller mindre hjelpelause) målpolitiske vurderingar. Ein kan sjølv sagt innvenda at dette er dårlig forsking. I tillegg er mange av forskarane aktive målpolitikarar som brukar den vitskaplege posisjonen sin til å agitera for at det stirr mot naturen å arbeida mot dialektendringar og bokmålisering.

Lars Bjarne vil slå i bordet for å få nordistane og lingvistane til å forska på målpolitisk relevante ting, medan Trond vil forska på det han er interessert i:

- >- Grensa for bortfall av distinktivt tonelag i nordnorsk
- >- Vilkåra for overgang frå fire-til-tre-til-tokasussystem for norske substantiv og pronomen i mellomalderen (altså ikkje dei politiske vilkåra, men korfor t.d. kasus vart att berre i bunden form og ikkje i ubunden, korfor 1&2pron har nom-akk-skilnad mens 3p har nom-dat-skilnad)
- >- vilkår for når det er mogleg med bunden NP i presentatingssetningar ("det var DEN stilige typen på festen i går")
- >- konsekvensar av bortfallet av sj-kj-distinksjonen i norsk
- >Så skjer følgjande: 1. Lars Bjarne slår i bordet: Dette er ikkje målpolitisk relevant!! 2. Trond går og sett seg ved eit anna bord.

Det burde ikkje Trond gjera (i allfall ikkje LB slår i bordet på ein høfleg måte). Val av forskingsobjekt er eit val med målpolitiske implikasjonar og kan såleis ikkje hevast over målpolitiske drøftingar. Men ein kan sjølv sagt ikkje krevja av andre enn målfolk at dei skal驱iva forsking som er nyttig for målreisinga. Då må ein fyrst gjera målfolk av dei, og det skal me sjølv sagt òg prøva på. Men det er ingen prinsipiell skilnad på lingvistar og alle andre - det me krev, er at målfolk skal freista gjera ein innsats for målreisinga same kva yrke dei har, anten dei er forskarar, forlagsfolk, mekanikarar, lærarar eller økonomar.

Ut over dette sluttar eg meg til det Trond skriv, både om samnorskarsane si rolle i faget og etterlysinga av forsking på faktisk målbruk o.a.

Eg lovar at neste melding frå meg ikkje vert like lange.

Oddmund

Til lukke med det nye året!

Og takk til Lars Bjarne, både fordi at han saman med Trond har drege i gang eit (eller rettare: fem) ordskifte me treng, og for langt svar. Her kjem meir om språk i Afrika, NOreg og andre stader. Eg legg til grunn at Lars Bjarne meiner det han skriv, sjølv om ein del av det er spissformulert:

LBM:

> Eg hev vore medviten provokatorisk, og vert tolka deretter. Eg vil difor understreka. Eg er ikkje mot målreisingar i Afrika !! Men det er 1400 mål å reisa. Eg hevdar at det berre er dei største som vil greida seg. Måtte framtid syna at eg tek feil. So vidt eg kann forstå Honey er han heller ikkje mot målreisingar i Afrika. Men han reagerar sterkt på at folk som Phillipson hevdar at det er betre at engelsklærarane vert sett til å laga papir av bananskal (sjekk umsetningi mi når de fær tak i boki) enn å læra born som ikkje hev eit skriftfest morsmål engelsk. For å halda fram samanlikningane. Korleis skulde det ha gjenge med målreisingi um ikkje Aasen, Vinje og Garborg hadde lært seg dansk ?

Her ville eg nok fyrst og fremst ha sjekka Honeys attgjeving av Phillipson (engelskopplæring kontra bananpapir). Men problemstillingar av typen 'skal me bruka tid på å laga/dyrka fram/undervisa i eit heimleg skriftmål eller læra ungane skikkeleg engelsk', minner meg mistenkjeleg om problemstillingar som 'skal me ha

sidemålsundervisning eller skal me læra elevane hovudmålet skikkeleg'. Og det inntrykket eg har fått av Honey, er at han meiner det viktigaste for alle, både i og utanfor england, er å få eit trygt fotfeste i den sterke standardengelske skriftkulturen. Overført på norske tilhøve: bokmål fører deg opp og fram i verda. Kva har Aasen, Vinje og Garborg med saka å gjera? Folk som dei vil vera i stand til å læra seg både dansk, høgnorsk, engelsk, swahili og nymelanesisk, på same måten som at afrikanske målreisarar sjølvsagt er suverene i engelsk/fransk. Her talar me likevel ikkje om slike geni, men kva mål vanlege ungar med nokre få månaders/års dårleg skule skal læra å skriva og lesa og få eit minimum av språkleg grunnlag for å delta i samfunnslivet.

>når Oddmund trekkjer fram eit land og ironiserar mot det eg hev skrive um eit heilt kontinent, vert samanlikningane skeive. Generaliseringane hans heng ikkje på greip. Eg trekte fram Namibia. Oddmund trekkjer inn shona i Zimbabwe. Men kva med Ny Guinea som visst nok skal ha 800 språk?

På Ny Guinea har dei gjort kreolspråket nymelanesisk til eit slags nasjonalmål, sjølv om eg har skjøna det slik at engelsk framleis er elitemålet. Vikør skriv i "Språkpolitikk på fem kontinent" (s. 229 - eg har ingen nyare framstillingar av språktihøva på Ny Guinea for handa): "nymelanesisk ... blir nok framlesi sett mye ned på, ikkje berre av europearar og dei som gjerne vil etterlikne desse, men og av mange som snakkar 'reine' papuaspråk eller melanesiske språk. ... Det er blitt argumentert med at nymelanesisk vil stenge Ny-Guinea ute frå verda. Trass i det er det klårt for dei fleste at det nettopp er nymelanesisk (ikkje engelsk) som har opna 'vegen ut til verda' for papuane. Det har rive ned stengslene mellom dei isolerte stammene på ein måte den formelle engelsken aldri ville kunna greia. Det er blitt eit sams uttrykksmiddel tilpassa den røybndommen og den kulturen vanlege folk i Papua-Niugini kjänner som sin eigen ... det er det einaste målet som kan gjere krav på stillinga som nasjonalmål... Nymelanesisk har da også ein nasjonal appell som ser ut til å sikre det ei framtid i landet."

LBM har sjølv sagt heilt rett i at ein ikkje kan generalisera ut frå stoda i eitt land, same om landet er Zimbabwe, Ny Guinea eller Noreg. Det ålmenne eg meiner å få fram, denne gongen med LBSs Ny Guinea-døme, er at dei fleste stader vil den overordna konfliktlinia gå mellom eit kolonimål (engelsk, fransk, norskdansk) og heimlege nasjonalmål, og som norsk målmann tykkjer eg det er svært, svært enkelt å velja side her.

>Kampen hans for Standardengelsk er ikkje minst ein kamp for å styrkja språkdelen av engelskfaget i skulen. Er me mot betre språkupplæring,neppe. Det inneber upplæring i standardtalemål hjå Honey. Og det er truleg her usemja millom oss er, eller tek eg feil ? Både i England og i Noreg. Og eg er fullt merksam på at nynorsken og høgnorsken vil verta tilsidesett med talemålsnormering utfrå rådande stoda.

Men likevel vil du ha talemålsnormering i norsk skule? Eller...?

>Svart engelsk og lokale dialektar skal ikkje nyttast i den offisielle upplæringi,um eg skynar Honey rett. Det gjer eg nok. Når ein snakkar um kva folk meiner sjølv,so viser Honey til at dei svarte sjølv ynskjer å nytta standardengelsk. Dei fremste representantane for den svarte borgarrettsrørsla hev nytta standardengelsk heilt fram til idag. Det er lingvistane som vil at det skal vera onnorleis. Fordomane sit godt fast i folk,jamvel i dag,um ein skal sjå på det med lingvistiske brillor.

Enno ein gong er det noko svært kjent med argumentasjonsmåten til Honey. FE Vinje i eit av dei siste nummera av Skolefokus: "Bare 7% av nordmennene skriver nynorsk når de får velge selv." Det er berre målfolket som ynskjer at det skal vera annleis.

> Vil du segja det motsette. Er alle afrikanske målreisingar realistiske og moglege ?

Ja, men eg vil avvise problemstillinga. Dei fleste målreisingar i verda som har lukkast, har vorte dømde som urealistiske og umoglege på førehand - av dei som ynskte at dei skulle vera urealistiske og umoglege. Dersom me ynskjer at dei skal lukkast, bør me ikkje sjå det som vår oppgåve å sitja her oppe å døma om kva som er realistisk. (Dette er elles ein merknad som gjeld alle politiske spørsmål.)

>LBM:

>>Men Trond hev eit anna løysingsframlegg som eg kjem til nedanfor. Men berre for dei sterkeste språki i Afrika. Dei andre kann berre baksa i veg utanfor all sivilisasjon, utan rikdomen frå engelsk. Nekt dei tilgang til engelsk eller andre store afrikanske språk, og lat dei leva på primitivt vis. Korleis skulde det gå dersom kvart fylkje, for ikkje å segja kvar kommune i Noreg skulde ha sitt eige språk med fulle rettar. Det hadde ikkje gjenge, for dei hev ikkje råd. Dei same umsyni lyt ein taka i Afrika. Det er pengar og sjølvstende-/ målreisingsvilje som er avgjeraande kombinert med materielle resursar som set grensone. Svaret er ikkje å melda seg ut av den moderne sivilisasjonen.

>

>Dr Livingstone, I presume? Dette er som å høyra Munch, Monrad og Bjørnson med tropehjelm.

>

>LB

>Det er ikkje ofte eg tykkjer det er grunn til å sitera Koht, men her skal eg gjera det. Det viktigaste i soga er årstali. Um du ser burt frå at eg skriv i 1998, og berre hengjer deg upp i ord som primitiv og sivilisasjon, kann eg skyna assosiasjonane.

>Sjekk årstali, Oddmund.

>

>Hadde nokon av dei gamle Munch mfl. tru på målreisingsviljen i folket? Hadde dei tru på Swahili, Shona og andre store afrikanske språk.

>

> Eg snakkar um 1400 språk og eit heilt kontinent. For fleire språkumråde vil valet, so langt eg hev skyna, vera millom engelsk eller ingi upplæring i det heile. Eg yverlet til folki sjølv å avgjera. Hev dei råd til å leiga inn Trond eller andre lingvistar so gjerne for meg, men eg vil ikkje fordøma dei um dei vel engelsk.  
> Er folk i Namibia ævlegt fordømt av oss. Er dei eit offer for imperialisme.  
> NB!!! ordvalet primitiv og sivilisasjon er nytta sterkt provokatorisk, og fekk tilsikta verknad.

Ein lykel til auka velstand og meir "sivilisasjon" er å få bukt med analfabetismen, og då er engelsk ubrukeleg. Fylgja av at afrikanskalande einast får opplæring på engelsk, er at dei breie laga held fram med å leva utanfor ein skriftkultur og at skrive- og lesekunne framleis vert eit reint elitefenomen. Målet må difor vera at flest mogleg, raskast mogleg, får høve til opplæring på morsmålet.

Du vil ikkje fordøma dei som vel engelsk, og det er heller ingen av oss som fordømer folk som vel bokmål. Men me arbeider for at dei som skriv bokmål skal byrja å skriva nynorsk, og afrikanske målreisarar arbeider for at folk som skriv engelsk skal byrja å skriva afrikanske mål.

Og ja, folk i Namibia er i høgste grad offer for vestleg imperialisme.

Oddmund

Før Honey-ordskiftet pensa over til Afrika, var Lars Bjarne og Trond inne på tilhøvet mellom målpolitikk og målvitskap, og eg vil ta opp tråden med utgangspunkt i Honey-referatet til LBM (bra tiltak forresten).

Hei

5 !!

Ja, er ivrig nok til å halda fram dette ordskiftet, og eg kann ikkje lova kortare innlegg. Eg kann berre lova blod, sveitte og tårar !!! Endå hev eg kutta so mykje polemikk som eg kunde og laga yverskrifter til dykk hist og her.

-- Samnorsk FYRST og ikkje bokmålveldet.

Oddmund meiner at eg nyttar Honey på ein problematisk måte i høve til norsk målstrid. Eg er for ivrig etter å dunka samnorskarane og dialektromantikarane i hovudet, og tyr til kritikk frå høgre (riksmålssida) på line med kritikk frå venstre (nynorsksida). Eg må lesast som at eg meiner spørsmålet for/mot sammorsk er overordna spørsmålet for/mot bokmål, og då meiner Oddmund målreisingi kjem på ville vegar. Det største trugsmålet mot nynorsken i dag er bokmålveldet, og ideologiprodusentar (både norske og utanlandske) som står opp om bokmålveldet høyrer til mellom dei fremste motstandarane våre, hevdar Oddmund.

Her trur eg me er grunnleggjande usamde. Eg er samd i at bokmålveldet er den største utbydingi. Men skal me koma frametter meiner eg at eit viktig delmål på vegen må vera å bryta med rådande dogme innanfor  
norskfagsmiljøet/sosiolinguistikken. Oddmund meiner at eg er for ivrig etter å nå dette delmålet og ikkje greider å halda hovudmålet i sikte.

Generelt sett er eg tvilande til kategoriske framstellingar av kva som er rett/ideelt. Eg meiner at det er viktig å nå fram til sannkjenningar og sanningar på tvers av skjematiske tenkjing. Det som er rett for oss, treng slett ikkje å vera rett for alle andre. Og td. å samanlikna målstoda i Noreg med utlandet kann føra heilt gale av stad. Jmf. tidsperspektivet og graden av utvikla skriftkultur og ikkje minst materielle resursar.

---Labov og Trudgill var dei ikkje so galne likevel ?

52

Labov og Trudgill har vore til inspirasjon for norske samsnorskalarar og for dei som i dag ynskjer dialektvariasjon og anbeheitelse i nn - javel. Oddmund godtek i denne omgangen denne forenklinga. Vonlegt kann det lata seg gjera å få djupa ut dette. Men kva var det Labov/Trudgill og mange andre sosiolinguistar gjorde og gjer i england og USA? Det målpolitiske programmet deira har vore å få fram at dialektane ikkje er dårlegare språksystem enn standardtalemålet, men like gode, og difor har det t.d. vore viktig for dei å kalla standardtalemålet for "a dialect" på line med andre dialektar, skriv Oddmund. Eg tolkar denne utleggjungi som ein aksept for at dialektar og standardtalemål er like gode språk. Det er eg usamdi.

Eg vil hevda at eit normaltalemål lettar kommunikasjon, at med eit normaltalemål vert det lettare å læra språket frå seg til utlendingar, at eit normaltalemål gjev oss ein nasjonal einskap, eit normaltalemål hev ingi sterke lokal tilknyting og lett seg tileigna av folk frå ulike stader av landet.. I tillegg hev folk den fordomen at normaltalemålsbruk er noko som er knytt til folk med høg utdanning og høg prestisje. Den kjem dei til å ha lenge enno.

Bokmålet profiterar på at me målfolk ikkje vil byggja ut eit standardtalemål i sterke grad enn i dag. Jamvel i Noreg finst det ei tilnærming til eit normaltalemål, og det er bokmålet.

Eg tek sjansen på å glytta til riksen, trass i åtfinningar. Standardspråk og dialekt s. 49. Dei som vil sjekka riksen kann gå beint til Trudgill 1975 s. 76. Trudgill meiner at elevane jamvel skal lesa dialekt under høgtlesing. Guttene hjemme i gaten hos oss

skal lesast av rette vedkomande som

Gutta hjemme i gata hos vårs.

Ok endå ei jamføring. Godtak ho eller lat ho fara.

Det er dette som er tilnærmingi når ein vil ha bokmålet til einestandard. Kven hermar etter dialekttale på fjernsynet når dei skal visa til noko. I beste fall knotar

folk bokmålet um til dialekt. Når ein vert tvinga til å ha fyrelegg på bokmål og ikkje kann sleppa undan å taka utgangspunkt i bokmålet,kjem bokmålet inn. Det er bokmålsveldet.

Men når ein ikkje vert drilla i eit levande alternativ til dette, so held ein fram med å knota bokmål,når ein kann sleppa òg, og då kann ein greida å stå i mot bokmålspresset endå lenger enn det ein elles vilde ha gjort.

Talemålspedagogikken/sosiolingvistikken hindrar ei uppbyggjing av eit normaltalemål på friviljukt grunnlag. Og må me læra noko frå bokmålssida og folk som me elles er usamde med. Folk som jamvel kann vera skadelege for målreisingi vår i andre høve.

Oddmund held fram utfrå uppsummeringi si av det han meiner er høgverdig ved arbeidet til sosiolingvistane :

Dei har gått til åtak på den sterke dialektundertrykkjingga og arbeidd for å auka statusen til dialektane, dei har arbeidd for å gjera dei språksosiale skilja mindre og for eit skriftmål som er mindre talemålsfjernt og dermed lettare å læra (som alle veit, er det engelske skriftmålet heilt på trynet).

Ok lat oss segja at du hev rett Oddmund. Men hovudpoenget er at engelsk ikkje hev nokon mottevlar. Difor er jamvel Labov for at dei svarte i Oklahoma skal læra standardengelsk. Ein skal berre gjera dei merksam på talemålet deira i undervisningi. Brunstad Syn og Segn nr. 4 peikar på at dette er det same som ein gjorde i 1878 i Noreg

( på landsbygdi, min merknad. Det vart seinare ordskifte um talemålsnormering i byane og praksisen her er meir uviss. Målsoga til Jahr um eg hugsar rett). Men i Noreg var denne opningi skunda fram av at me hadde two mål.

Oddmund sluttar seg fram til at :

I Noreg vart sosiolingvistikken og utanlandske autoritetar nytta for å gå til åtak på eit syn som seier at bokmålet i skrift og tale er eit meir høgverdig mål enn dialektane og nynorsken. Eg lyt spyrja :

Kven hev i nyare tid hevda at bokmålet er eit meir høgverdig mål ? Arnulf Øverland med fleire hevda då vel aldri at nynorsken ikkje var høgverdig ? Snarare tvert um.

Her snakkar ein um fordomar millom folk som gjeng på motsetnaden millom by og land og til ein viss grad på skilnader i sosial status i byane. Og ikkje minst det gjeng på sjølvtilleiti til målfolki. Her hev det skjett ei generell sosial og geografisk utjamning dei siste 30 åri.

Koht satsa på å vinna arbeidarane når eliten millom arbeidarpartifolki og den jamne mann var veik. Og han dreit seg ut med å hora med bokmålet. Han meinte vel stort sett det same som norskfilologar flest med nynorskbakgrunn gjer i dag. Men han vart sputta på og uglesett. Men kva er skilnaden på Koht og på norskfagseliten i dag. Jo det er at dei er statsløna for å ha autoritet til å segja alt det Koht ikkje kunde få fagleg gjenomslag for, og elles drita på draget. Hadde du sett kor mykje Hirth og Framnes i Vestlandske Mållag laut streva for td. å få halda på nynorskprofessoratet ved Bergen Museum, vilde du ha skyna kor privilegert ein hev vorte i dag. Alt dette er ein del av ei uppbyggjing av eit moderne samfund, med ekspertstyre på alle felt. Ideologi er likevel viktigare enn fagkunnskap i vår samanheng. ,

Mesteparten av dette er såleis slikt som tener nynorsken i striden mot bokmålet, skriv Oddmund. Meiner du at folk snakkar meir dialekt enn fyrr, og at sosiolingvistikken hev ført til og fører til at dei gjer det ? Syner det att på nokon kvantitativ måte. Eller er det ein psykologisk lykkepille som riksen kann le av ?

Dersom ein samanliknar talet på folk som nytta dialekt og nynorsk i 1950 og 1999, um ein i det heile hev tilnærtingsvis slike tal, kunde ein vel ha sett ein framgang. Men det finst ei heil rad av variablar som må dragast inn for å kunna røkja etter um sosiolingvistikken hadde nokor positiv rolla.

Er det norskfilologane som hev verva fleire nynorskbrukarar til mållaget ?  
I so tilfelle korleis kann det ha seg at t.d. Sandøy mfl. hev vorte hundsa i alle år av oss. Eg viser her til Hanto munnleg. Elles hev dei jo bygt sitt eige lag. Dialektlinja hadde vel elles kuliminert då Sandøy mfl kom i vit.posisjonar.

Kva er det som hev gjeve nynorsken framgang økonomisk ?

Er det t.d. norksfagseliten som hev kome stormande til Samlaget og gjeve økonomisk framgang for forlaget, og gjort det enklare å gjeva ut bøker som hev styrkt nynorsken ?

Oddmund held fram :

Så var det ein del som gjekk eit steg vidare. Dei meinte at ein måtte vera mot alle standardtalemål, både bm, nn og engelsk, at endå større talemålsnærleik var viktig i nn som i engelsk osb. Dei gløymde m.a. at nn er eit pressa mindretalsmål som framfor alt må byggja opp slagkraft mot bokmålet og oppførde seg som om dei forvalta eit verdsspråk.

Desse folki var jo totalt på bærtur.

Konklusjonen min på denne tankeføringi til Oddmund, vert at han bind seg upp i tenkjing som er hugnadleg. Sosiolingvistikken er på vår sida. Alternativ tenkjing som utfordrar sosiolingvistikken frå høgre/riksmålssida, kann ikkje ha noko fyre seg. So difor er det ikkje rett å vera for standardtalemål, dersom ein er det på same måte som FE Vinje.

Eg er tvilande til at sosiolingvistikken gjev nynorsken kvantitativ framgang. Og psykologisk sett hev det ikkje vore synt fram prov på at granskings til

56

sosiolingvistane hev gjeve nynorsken framgang. Snarare tvert um, trur eg ein kann hevda det motsette.

Korleis eg ser på tilhøvet millom bokmålveldet og norskfagseliten

---Gjenom å slå fast at alle språk er like gode hev sosiolingvistikken rettferdiggjort at nynorsken hev vorte bokmålisert. Me treng ikkje normaltalemål. Bokmålet hev det, men det er me imot : Snakk dialekt skriv nynorsk. Denne tenkjingi er rett, dersom me tek burt bokmålveldet. For å uppnå det må me gjera noko : Er de samde so langt ? Me vil ha nynorsken inn på alle felt der bokmålet hev domene i dag. Kann me få det utan eit nynorsk normaltalemål ? Eg meiner nei. Difor meiner eg at kampen for at folk skal få tilgang til eit nynorsk normaltalemål er grunnleggjande. Denne kampen må vinnast fyrr me kann vinna kampen mot bokmålveldet.

Eg meiner eit mentalitetsskifte når det gjeld haldningi til at nynorsk normaltalemål skal nyttast i visse høve er so prinsipielt viktig at eg vil gjeva slepp på høgnorsken og nynorsken, jamvel um me tapar på det på kort sikt, vil me vinna i lengdi. Når nynorsken vert oppfatta som eit språk knytt til ein litteratur og til dei fyremunene eit normaltalemål hev jmf. ovanfor, vil det gjeva framgang i lengdi. Sjå på bokmåliseringi.

Skal me vera opportunistar ?

Slik eg les oversynsverka (t.d. Mål og miljø), var intensjonane til Bernstein dei aller beste. Men han opererte med eit skilje mellom "avgrensa" og "utvida" språkkodar som høgresida nytta til å stø opp om vanlege påstandar om at underklasseungar var 'dummare' enn overklasseungar osb.

Av dette fylgjer eit spørsmål.

Skal me slutta upp um politiske konjunkturar eller skal me kjempa for det som me trur fører oss fram til sannkjenningar og sanningar som me trur er gagnlege ? Um

svaret er nei til Bernstein kva då um Labov fører oss og den norske målreisingi på avvegar. Det meiner eg at Labov gjer, utfrå Honey's framstelling.

>Alt skjedde utan nokon serleg diskusjon. Ideologien var viktigare enn diskusjonen.  
>Det er elles artig å merka seg at Ragnar Rommetveits bok um språkpsykologi, trass i at boki kom ut i 5 upplag i 1992 ikkje finn grunn til å nemna Labov, medan Bernsteins teori vert dryfta. Dessutan trekkjer Rommetveit s.217- inn Hess og Shipman, 1966, s.881. Dei fylgde upp Bernsteins teoriar med kontrollerte forsøk. Rommetveit meiner at kor som er, ligg det fyre ein kommunikasjonssvikt millom born som nyttar den avgrensa koden og lærarane. Denne kommunikasjonssvikten må yvervinnast.

Ja, det meinte Aasen òg. Løysinga hans var at eliten skulle nytta målet til ålmugen, ikkje omvendt. Dialekt? Alle språk er like gode. Dette er ein altfor generell påstand (det viktigaste i soga er årstali), men lat gå... Aasen meinte vel at eliten skulde tileigna seg nynorsken som var ein samnemnar for folkemålet. Målformi skal vera ei osb. So skulde eliten spreida dette kulturmålet til ålmugen. Skilnaden millom folk og elite er ikkje heilt uinteressant her.

>I sume tilfelle vert likevel Labov og Chomsky vikla i hop. Psykologivisten Steve Pinker gav i 1994 ut boki The language Instinct. Boki var ein bestseljar. Pinker hevdar at alle brukarar av non-standard dialects vert bada i verbal stimulans frå morgon til kveld. Men um me ikkje delar den lovsongen til Labov yver at ingen språk kann føra til språkskort (avvisingsi av Bernstein), må ein slå fast at kvalitetene på den språklege stimuleringi spelar ei viktig rolla.

Ja, og i Noreg heiter det bokmålsveldet, segjer Oddmund. Det vil altso segja at han meiner at Bernstein hev kome fram til ei sanning som Labov avviser. Men det er ikkje politisk korrekt å fylgja upp Bernstein, so me fylgjer Labov istaden !!

Det hadde vore svært interessant å høyra korleis Honey argumenterer for dette. Er poenget hans å påvisa at mykje brukte språk (t.d. engelsk) er meir utbygde enn mindre brukte språk (t.d. grønlandske eller høgnorsk) ut frå krava som vert stilte i eit moderne vestleg samfunn? I så fall har han ikkje kome med nye og grensesprengjande opplysningar.

Å, ikkje for å hovera, men kven var det som snakka(r) um at alle språk er like gode. Det er berre å taka dei i bruk.

< Eller er sume språk mindre eigna til å verta utbygde enn andre?

Hev ikkje Knut Johansen vore inne på noko sånt um språket til urinvånarane i Australia? <Det ville vore ein påstand som det svingar av!

Eg ser kvar du vil hen. Honey dryfter dette, men du vert nok vonbroten, endå ein gong um du fær høve til å lesa det han skriv.

Eg har framleis til gode å møta ein norsk sosiolingvist som er interessert i Chomsky. Chommer'n har tvert imot erta på seg sosiolingvistar verda over med å ekskludera sosiolingvistikken frå lingvistikken. Eg er ikkje i stand til å skjøna korleis det du skriv om (Honeys kritikk av) Chomsky har nokon samanheng med som kjem etter om den norske målstoda, t.d. at Chomsky vert nytta eller kan nyttast til å forsvara bokmåliseringa.

Chomsky hev vel vorte vikla inn i sosiolinguistikken lenge fyrr han kom til Noreg. Rommetveit, Blakar og Kleiven var millom dei fyrste som drog inn sosiolinguistiske undersøkjingar. Sandøy mfl. fatta vel interessa for dette ein god mun seinare. Konklusjon nokon må setja i gong ein studiering på Trudgills og Labovs innverknad på norsk sosiolinguistisk forsking.

Oddmund og eg er fundamentalt usamde um korleis me skal gå fram for å knusa bokmålsveldet. Me må gjera det rett og politisk opportunt, var det det du meinte Oddmund? Eg trur eg sver til Albert Joleik-metoden. Han kommanderte dei svarte på høgnorsk. Det var ein spøk.

Beste helsing

Lars Bjarne

Oddmund

---

### **betre og därlegare alt ettersom.**

lbum

**Lykjelordet er etter Honey potensielt. Kva for nokre prosessar må eit språk**

**gjenom frå å vera eit fyrritterært språk til å verta eit språk som kann fylla dei krav som er sett til å formidla moderne vitskap og forsking og alle andre moglege aspekt ved den moderne sivilisasjonen. Gonzales og Batista snakkar um ein edulekt, eit språk som kann formidla moderne utdaning..**

TT:

**Kva må gjerast?**

**a. skaping av eit skriftspråk (dette er allereide gjort for alle kandidatane til offisielle språk i Afrika, dvs. til dei 3-30 største språka i kvart land, i røynda her dei fleste afrikaske språka eit skriftspråk, ofte laga av språkforskarar og av misjonærar).**

**b. danning av eit kulturordførرåd (ein ordforråd med ord for samfunnsmessige omgrep (kulturomgrep), ikkje berre for naturomgrep (planter/dyr/kroppsdelar/slektskapstermar/...), ved enten i. nyskaping, ii. omsettingslån eller iii. direkte lån, eller ved ein kombinasjon av desse 3 metodane. Engelsk har dels lånt direkte frå fransk/latin/gresk (iii), dels**

**drive med nylaging med gresklatinske røtter som utgpkt (i.iii).**

**Å lage eit skriftspråk kan gå rimeleg kjapt. Å utvikle eit ordforråd skjer etterkvart som det er bruk for orda. I afrikanske land diskuterast sikkert offentleg styre og stell på afrikanske språk, sjølv om det aldri blir skrive ned på anna enn engelsk / fransk (jfr. samisk i Noreg: "Mi dat leat dat egentli skjee" = "Kva er det eigentleg som skjer?".)**

**Kor lang tid tek det å utvikla slike ordforråd vil variere, direktelån og omsettingsslån av den typen engelsk har drive med går rimeleg kjapt, jfr. førstegenerasjons norsk oljespråk og dataspråk, der ein har det så travelt at allereide innlånte ord blir fjerna ("saiber" <cyber> blir sett inn i staden for det allereide eksisterande "kyber-")**

**Ibm**

**og kor mykje pengar vil det kosta ? Og kven er viljuge til å betala.**

**TT:**

**skriftspråk er ikkje dyrt å lage, terminologisk arbeid kostar meir, det treng #minst# eit språkbyrå, dvs. eit offentleg kontor med ein del folk som kan arbeide med det. Dette vil sjølvsgart koste, men lite samanlikna med andre delar av den offentlege administrasjonen. Mesteparten av utgiftene dei afrikanske landa vil ha er #innsats frå eiga arbeidskraft#, dvs. til lokale prisar, der den avhengigheita av engelsk som Ibm skisserer vil gjera dei evig avhengig av å kjøpe tenester frå 1.verda-land, t.d. England, eit dyrare alternativ. Ibm sitt opplegg er altså eit bidrag til politikken med å gjera tidlegare koloniar avhengige av den tidlegare kolonimakta økonomisk**

**og kulturelt til evig tid. Arbeidet med skoleplanar osb. må uansett gjerast godt eller därleg, men viss godt må dei t.d. tilpasse**

**naturfagsundervisninga til afrikanske tilhøve, og ikkje berre dele ut utrangerte britiske skolebøker, og denne tilpassinga kan skje på morsmåla eller på engelsk, alt ettersom).**

**Ibm**

**Når ein tenkjer på striden for nynorske læremiddel i verdsens rikaste land. Kor sterkt vil ikkje motstanden mot å bruka pengar på språk vera i eit**

**utviklingsland ? Kor mange uppgåvor vil ikkje verta høgare prioritert enn språk ?**

**TT:**

**Du kan ikkje samanlikne med striden for nynorsk, fordi dei som sitt på pengesekken i Noreg har vore #mot# det norske målprosjektet. Hadde johan**

**Sverdrup vunne fram med nynorsk som einaste riksmaål i den nye demokratiske**

**staten etter 1884 hadde det norske maktapparatet stilt opp for norsk og mot  
dansk på ein heilt annan måte enn i dag. Sjå heller på kor viljuge finnane  
er til å omsette faglitteratur til finsk, sjølv om det kostar, til alle  
fagsteg, og frå finsk til svensk.**

**Ibm  
Utfallet vert i lengdi språkdaude.**

**tt  
viss du #ikkje# bygger ut skriftspråka vil dei #i alle fall# døy ut.**

**Når det gjeld kostadene med å innføre eit språk som skriftspråk er kroner  
og øre berre ein type kostnader. Tenk på kva det kostar eit land å la  
generasjon på geerasjon med intelligent ungdom bli verande i  
analfabetismen**

**berre fordi dei ikkje nyt godt av elementære språklege rettar. Det er  
sløsing med meneskelege ressursar (ei sløsing som det jo er tradisjon for,  
særleg i vestafrika i dei siste300 åra...). Hjernetørk er og sløsing (folk  
forlet afrikanske land fordi dei ikkje har bygd opp eit eige  
utdaningssystem), Noreg tener t.d. grovt på at Nordnoreg fyllast opp av  
utanlandsk helsepersonell...**

**Ibm:  
Men Trond hev eit anna løysingsframlegg som eg kjem til nedanfor. Men  
berre  
for dei sterkeste språki i Afrika.**

**tt  
vi tar dei største først, dei er viktigast.**

**Ibm  
Dei andre kann berre baksa i veg utanfor all sivilisasjon,**

**tt  
Den svarte prikken tergar deg  
Til du forstår pili  
som stend der og dirrar:  
Her er òg eit midtpunkt.**

**Ibm  
utan rikdomen frå engelsk. Nekt dei tilgang til engelsk eller andre store  
afrikanske språk, og lat dei leva på primitivt vis.**

**tt  
det er ingen samanheng mellom primitivisme og fråver av engelsk, som  
alle**



nordmenn og japanarar veit. At ein del engelske imperialistar, innskrenka amerikanarar og lbum ikkje har sett dette er ei anna sak.

lbum:

Korleis skulde det gå dersom kvart fylkje, for ikkje å segja kvar kommune i

Noreg skulde ha sitt eige språk med fulle rettar. Det hadde ikkje gjenge, for dei hev ikkje råd.

tt:

det veit ikkje du noko om, fordi du ikkje har sett eit slikt samfunn, og ikkje veit kva det kostar. Språkstoda er ei anna i Noreg: vi snakkar ikkje mange språk. (ein skriftfestingspolitikk etter sovjetisk mønster kunne forresten kjapt ha gjeve oss 5-6 norske skriftspråk (telenor har 22 x norsk), men også 6 er eit overkommeleg tal, og langt unna dei 400 orske skriftspråka du skisserer).

lbum

Dei same umsyni lyt ein taka i Afrika. Det er pengar og sjølvstende-/ målreisingsvilje som er avgjerande kombinert med materielle resursar som set grensone. Svaret er ikkje å melda seg ut av den moderne sivilisasjonen.

tt

Det er den indre koloniseringa som held fram hos mange afrikanarar. Det faktum at vi i noreg bruker norsk av eitt eller anna slag og ikkje engelsk betyr ikje at vi har meldt oss ut av sivilisasjonen. Eg blir kvalm av den moderne siviliseringa di. Det finst og ei sivilisert verd som The Times Literary Supplement ikkje ser, sjølv om biskop Berkeley utvikla ein filosofi som sa at det nett ikkje gjorde det. Dette veit og lbum viss han tenker seg om.

lbum:

>Ein kann aldri greida å få fram den rikdomen som ligg i engelsk i dei >afrikanske måli.

TT:

Å nei? Eg hører ein del på "Alltid nyheter" når dei sender BBC. Her om dagen fekk vi nest siste program for i år: "This is the penultimate report from our studio this year". Det finst ikkje det afrikanske språket som ikkje også kan ha ein slik "rikdom". "penultimate" er like god fulani, akan, mande, yoruba, swahili, norsk, somali, zulu, som det er engelsk, ja til og med meir: Engleks har berre orda "body" og "web", (to ord for fire tydingar) der vi på norsk har 4 ord for dei same 4 tydingane: body (klesplagg), kropp, web og nett.

lbum

**Andsynes engelsk vert vel dei fleste språki i verdi småe, jamvel i den rike delen av verdi/Vest-Europa.**

tt

**Nei [og eg går ut frå at du snakkar om ordforråd her]. Etter kvart blir dei berre større, fordi det etter kvart ikkje eksisterer noko engelsk ord som ikkje samstundes er eit nederlandsk ord, mens nederlandsk har sitt eige ordforråd i tillegg (på same måten fekk engelsk "rikdomen" sin frå fransk og latin.**

Ibm

**Eg reknar med at fleire enn eg vil reagera på denne fri flyt haldningi. Eg veit ikkje um det er verd å leggja noko arb. i å dryfta dette. Eg og mange med meg hev skrive um dette fyrr. Men nokre tankar melder seg heilt refleksivt.**

**Ein kann altso gløyma**  
- språkpurisme  
- internt terminologiarbeid  
- yverføringsvanskar ved språkstrukturen.  
- forståingsvanskar  
- umsetning

tt:

**no må du for svarte halde opp med å ri to hestar på ein gong. Først skryt du av engelsk, det rike, rike språket, full av sivilisasjon og det som verre er. Så peiker eg på kor dei har fått sivilisasjonen sin frå: Ved å bytte ut helvta av det anglosaksiske ordforrådet sitt med fransk, og det vitskaplege ordforrådet med neologismar laga av gresklatinske byggesteinar.**

**Deretter seier du at "fleire enn eg vil reagera på denne fri flyt haldningi". (skal vera: "fri flyt-haldningi", forresten) Men du har jo ikkje reagert på henne sjølv!!! Du har sjølv jubla henne opp i taket, og drege henne fram som eit uttrykk for #rikdom# (rikare enn jamvel dei rikaste i vesteuropa!!) og #sivilisasjon# (som den skurken Trond vil hindre afrikanarae å få del i). Du ber om engelsk rikdom, og du får det attende, for penultimate gong!**

Ibm:

**So til dette med å ha mange språk.**

**Ok. Sovjetunionen er kanskje eit relevant døme. Eg nektar å tru at den materielle levestandarden var so låg i SSSR som i afrikanske land, og det er eit hovudpoeng for meg. Elles vil eg gjerne ha døme på at dei 137 språki vart nytta fylgjerett i storsamfundet heilt upp til høgste partitopp i dei ulike delane av SSSR, for ikkje å snakka um på universitet og høgskular.**

tt

les artiklane mine i nordisk østforum (også på heimesida mi, som  
"Sovjetisk

språkpålitikk 1 og 2), og du vil sjå at det under stalin var morsmål til ut  
9.klasse, og under krutsjov og framover var morsmål til 4 klasse, evt.  
berre i morsmålstimane (alt anna på russisk). Men sjølv om dei ikkje fekk  
marisk på universitetet, var ikkje 9 år med marisk skole eit feilgrep.  
Sjølv skreiv eg hovudoppgåva mi på engelsk, utan at lbum av den grunn vil  
gå  
inn for engelsk som einaste undervisningsspråk frå 1.klasse.

lbum:

Ein ting til slutt. Eg tykkjer det er rart at Trond vil ha 1400 språk i  
Afrika, der berre eit fåtal av dei kann nå det nivået som trengst for å  
uppnå moderne kommunikasjon, medan i Noreg der me hev ei rad former  
for

nynorsk som alle hev alle høve til å verta nytta til moderne  
kommunikasjon

på universitet, i stortinget og yveralt elles her skal han på live og daude  
ha ein variant av språket.

tt

eg vil ha ei skriftfesting av kvart språk. Eg "vil" ikkje ha 1400 språk i  
afrika, det #er# så mange språk i Afrika. Derimot kan språkpolitikarar  
velje korleis dei vil handsame dei 1400 språka. Vi veit korleis det blir  
gjort i dag (OAU har 4 off språk: eng, fr, port og arabisk).

oddmund:

Chimhundu (..) ser òg lyst på framtida for det nest største målet - ndbele  
- som no skal få si ordbok. Det vert nytta av 16,5% av dei 11 mill.  
ibuarane (shona har 75%). Deretter har dei 14 språk att å ta fatt på.

tt:

ndbele er mao eit #stort# språk i verdssamanheng (snittet ligg på 1000  
talarar/språk), og 14 er ikkje eit høgt tal. I noreg har vi 5 innfødde  
skriftspråk + finsk/romani/jiddisk + innvandrarspråka, til saman litt meir  
enn Zimbabwe.

oh

Problemstillinga er dessutan ikkje om framandspråksundervisninga  
(engelsk,  
fransk) i Afrika skal avskaffast, like lite som det er ei problemstilling i  
norsk målstrid å avskaffa framand-språksundervisninga.

tt

nei, og dette er eit viktig punkt. Den viktigast grunnen til den sørgelege  
stoda i Afrika er at dei tidlegare kolonimaktene har interesser av å halde

15

på det ideologiske jerngrepet som språket er, ein annan grunn er at engelskmenn og framskmenn rett og slett ikje veit kva tospråklegheit er, folket er jo meir eller mindre einspråkleg (bortsett frå dei språklege minoritetane i GB og Fr, som er tospråklege). Vi i t.d. NL og skandinavia er allereide funksjonelt fleirspråklege, og ser dette poenget mykje lettare.

Ibm:

Men det er 1400 mål å reisa. Eg hevdar at det berre er dei største som vil greida seg. Mátte framtid syna at eg tek feil. So vidt eg kann forstå Honey er han heller ikkje mot målreisingar i Afrika.

tt:

kor får eg tak i denne boka? Mn med den politikken du argumenterer for vil heller ikje dei største greie seg.

Ibm

Men han reagerar sterkt på at folk som Phillipson hevdar at det er betre at engelsklærarane vert sett til å laga papir av bananskal (sjekk umsetningi mi når de fær tak i boki) enn å læra born som ikkje hev eit skriftfest morsmål engelsk.

tt

dette nivået er for banalt. Fram med sidetal i philipson!!

Ibm

For å halda fram samanlikningane. Korleis skulde det ha gjenge med målreisingi um ikkje Aasen, Vinje og Garborg hadde lært seg dansk ?

tt

du tenker som ein eispråkleg idealist. Motspørsmål: Korleis skulde det ha gjenge med målreisingi um ikkje Aasen, Vinje og Garborg hadde lært seg norsk ? Desse to tinga står ikkje i motstrid til kvarandre, anna enn hos einspora britske og franske imperialistar og deira ideologiske lakeiar i sør og nord.

Ibm:

Eg trekte fram Namibia. Oddmund trekkjer inn shona i Zimbabwe.

tt:

vil du gå inn for engelsk som einaste riksmaål og/eller som offisielt språk i Namibia? og korfor? Eg kjem attende til namibia.

Ibm:

Kampen hans for Standardengelsk er ikkje minst ein kamp for å styrkja språkdelen av engelskfaget i skulen.

tt

66

**Listen carefully, I will say this only once:**

**Engelske ungar blir ikkje betre i engelsk av at ungane i namibia lærer å skrive på eit språk dei ikkje forstår.**

**Ei anna sak er at engelske ungar heller ikkje blir betre i engelsk av å lære seg kva setningsledda heiter på latin, men det er ein annan debatt (her har Ulf Telemann skrive gode artiklar).**

lbum

**Er me mot betre språkupplæring,neppe. Det inneber upplæring i standardtalemål hjå Honey.**

tt

**for det om desse to uttrykka er synonym for honey treng dei ikkje vera det**

**i røynda. Standardtalemål er i seg sjølv berre nok ein variant av eit språk, og #ingenting# skil i prinsippet ein skole som lærer newcastleungane**

**RP frå ein som lærer dei New- Zealand-engelsk (meir sivilisasjon i den første, kanskje???). Så ekvivalensen du skisserer held ikkje.**

lbum

**Og det er truleg her usemja millom oss er, eller tek eg feil ?**

tt

**Nei. Det er her du køyrer i grøfta. du trur at standardspråket #i seg sjølv# har nokon verdi, noko, det sjølvsagt ikkje har (dvs. verdi utover det å vera ein tilfeldig variant). Det har ein marknadsverdi ekvivalent med likningsverdien til inntekta til talarane av denne varianten, det er så, men denne verdien ligg ikkje hos språkvarianten sjølv. Jfr. nynorsk, som er**

**ein av dei 20 største språka i verda, sett frå edb-synspunkt (tilgjenge og BNP på potensielle programvarekjøparar).**

lbum:

**Svart engelsk og lokale dialektar skal ikkje nyttast i den offisielle upplæringi,um eg skynar Honey rett. Det gjer eg nok.**

tt

**det gjer du nok. Hadde du berre skjønt korfor han meiner det.**

lbum:

**Når ein snakkar um kva folk meiner sjølv, so viser Honey til at dei svarte sjølv ynskjer å nytta standardengelsk.**

tt

67

**jada, og den fiskestinkande degosen av ein nordlending ønska berre å knote**

**Oslo Vests standardtalemål der han vandra frå hybelvert til hybelvert i Oslo på 50-talet. Foreldra mine hadde nynorsk på skolen på 40-talet, men flytta til Oslo på slutten av 50-talet og har sidan snakka og skrive standard høgnorsk ("høgnorsk" her sosiolinguistisk sett). Nei, du har rett, når heile verda snakkar Bostonengelsk har vi ikkje språkundertrykking meir**

**(men rase-, kvinne-... undertrykking, og desse kan vi ikkje kvitte oss med med hjelp av marøyemetoden (alle kjønnsskifteoperasjonane vil føre til for få barefødslar og eit for trist samfunn, allmennt sett.)).**

**Ibm**

**Dei fremste representantane for den svarte borgarrettsrørsla hev nytta standardengelsk heilt fram til idag. Det er lingvistane som vil at det skal vera onnorleis. Fordomane sit godt fast i folk, jamvel i dag, um ein skal sjå på det med lingvistiske brillor.**

**tt**

**"fordommane er godt banka inn i folk" er nok ein betre uttrykksmåte, spesielt når det gjeld svarte borgarrettsaktivistar. Om løysinga er å måle seg kvit er som sagt ikkje utan vidare opplagt, sjølv om det i dette tilfellet er dei svarte som gjer nettopp det.**

**LB**

**Vil du segja det motsette. Er alle afrikanske målreisingar realistiske og moglege ?**

**tt**

**Nei, ikkje alle. Men av det følgjer ikkje at motsatsen er rett. Få litt nivå på dette, no då.**

**Ibm**

**Eg snakkar um 1400 språk og eit heilt kontinent. For fleire språkumråde vil**

**valet, so langt eg hev skyna, vera millom engelsk eller ingi upplæring i det heile. Eg yverlet til folki sjølv å avgjera. Hev dei råd til å leiga inn Trond eller andre lingvistar so gjerne for meg, men eg vil ikkje fordøma dei um dei vel engelsk.**

**tt**

**og korfor må du snakke om 1400? ... og viss ikkje 1400 så ingen? Eg seier at**

**viss ikkje 1400 så i alle fall 14, 140, 500, ... (OAU har #ingen# afrikanske språk). Men dei (t.d.) 140 best stilte har allereide "leigd inn" lingvistar. Og fleire språk får skriftspråk heile tida (i Afrika vil eg tippe at godt over 1/3, ssv. over 1/2, har skriftspråk). På verdsbasis er**

U.S.

**det laga biblar for ca. 1000 språk, det er planar for eit par hundre til, og utdrag er publisert for omtrent like mange. Viss misjonærane får representere målestokken her betyr dette at halvparten av språka i verda, dvs. ssv. bortimot alle språk med meir enn 5000 talarar, allereide har eit skriftspråk.**

**Ibm**

**Er folk i Namibia ævlegt fordømt av oss. Er dei eit offer for imperialisme.**

**tt**

**eg fordømmer ikkje ofra for imperialismen, eg fordømmer imperialistane.**

**OH**

**Problemstillinga er dessutan ikkje om framandspråksundervisninga (engelsk, fransk) i Afrika skal avskaffast, like lite som det er ei problemstilling i norsk målstrid å avskaffa framandspråksundervisninga.**

**LB**

**Nei, problemet er ikkje at me hev for lite engelsk umkring oss. Heller at me hev for mykje. Difor er det største problem å læra oss nok engelsk.**

**tt**

**i afrika: a. dei har ikkje skole i det heile, b. vis dei har det har dei det oftast på eit språkd ei ikkje forstår. Dei har like lite engelsk rundt seg som foreldra våre hadde før dei fekk tv og radio.**

**På 30-talet i Noreg møtte samar og kvenar ein språkpolitikk som skulle gje dei fruktee av dendaskorske sivilisasjonen, utan returbilett til eigen kultur. Språkskiftet tok tre generasjonar: 1. snakk norsk til ungane dine, sjølv om du sjølv snakkar elendig norsk, 2. meistre enkel finsk/samisk passivt, fordi det var foreldra sitt hemmelege språk, 3. skiftet er fullført. I Noreg i dag vil det vera lettare å skifte til engelsk enn det var å skifte til norsk i indre Troms på 30-talet, men dei greidde det, så vi greier det nok, vi og, viss vi går inn for det.**

**Ibm**

**Honey kritiserar Pinker for å ikkje vera merksam på at Chomsky byggjer på ein idealsamfunnsmodell. Chomsky og hans medhaldsmenn må yverførast til praktiske språkbruksituasjonar innanfor ein aktuell variant av eit aktuelt språk i eit heilt sett av kvardagslege situasjonar. Sosiolinguistane hev bygt på at Chomskys teoriar kann yverførast frå den kunstige teoretiske råma til praktiske språkbruksituasjonar innanfor ein aktuell variant av eit aktuelt språk i eit heilt sett av kvardagslege situasjonar.. Men dei hev**

sett burt frå språkhaldningar, normer for språkbruk osb. .

tt

chomsky kan brykast til alt...

For chomsky er den ideelle talaren i det ideelle. homogene samfunnet eit ikjeeksisterande idealprodukt, postulert av metodologiske grunnar. Det betyr

#ikkje# at chomsky er mot ikjeidealie samfunn, menglar kjennskap til dei, eller vil ignorere data frå dei, osb. Det betyr berre at for å få sagt noko om grammatiske variabler må vi prøve å halde andre variabler konstant.

Herifrå å slutte til for eller mot t.d. bokmålisering, eller rund vs.  
smal/avlang 17-mai-sløyfe, er absurd.

Fysikarar utfører ofte eksperiment i vakuum, andre eksperiment på horisontale underlag, utan at nokon kjem på det stokk idiotiske ideen å tru

at fysikarar er for ei verd i vakuum eller i vater. Har du ikkje meir vettuge ting å seie om chomsky kan du la det vera. Men sosiolingvistane sin

vulgærpropaganda mot han er forsåvidt nettopp så teit, så du er i godt professoralt selskap.

Folk som trur dei driv med språkrøkt driv ikkje med språkrøkt, fordi dei verken har makt eller kunnskap til det. Dei veit ikkje eingang kva som kjenneteiknar det eksisterande språket, for ikke å snakke om at dei ikkje er i stand til å skildre det språket dei vil ha i staden. Og om dei hadde klart det hadde dei ikkje ha hatt makt til å la folk bruke det.

og som sagt: idealspråket ditt, det rike og siviliserte du veit, var det minst puristiske av dei alle.

Ibm:

Treng eg å peika på relevansen til den norske målstoda ? Ja vel. Me treng for all del ikkje å fortelja folk at dei skal driva måldyrking.

Bokmålisering er heilt i orden språket er jo programmert inn i oss, og ikkje eit kulturprodukt. Me finn dei idelle rettskrivingane/normalane ved å granska talemålet her og no. Dialektane med sine einskildformer er heilage

og urørlege. Bokmåliseringi er ei naturleg utvikling som me ikkje skal meina noko um. Denne antiaktivismen representert ved norske sosiolingvistar

bygd på fordomar og tvilsame samansetjingar av "forsking", må kjempast på defensiven.

tt

du slåst mot den gode fiende. La oss få skikkelege sitat, vi kjenner ikkje

70

att dei du karakteriserer her. Vi veit heller ikkje kva du meiner med måldyrking. Det er ikkje språket som er programmert inn i oss, men evna til å tilegne oss grammatiske strukturar. Og forresten: Det er delvis dei same mekanismane bak bokmåliseringa her som det er bak anglifiseringa i afrika  
(med store skilnader, sjølvsagt). For å seie det med oddmund:

oh:

Inntrykket eg har fått av Honey, er at han meiner det viktigaste for alle, både i og utanfor england, er å få eit trygt fotfeste i den sterke standardengelske skriftkulturen. Overført på norske tilhøve: bokmål fører deg opp og fram i verda.

tt:

Skilnaden er sjølvsagt at engelsk kjem hit og, mens bokmål ikkje fer dit: I finland har barnehagar langt ute på tjukkeste landsbygdaengelsk som barnehagespråk til finskpsårklege barn (språkbad)

Ibm:

> Vil du segja det motsette. Er alle afrikanske målreisingar realistiske og >moglege ?

oh

Ja, men eg vil avvisa problemstillinga. Dei fleste målreisingar i verda som har lukkast, har vorte dømde som urealistiske og umoglege på førehand - av dei som ynskte at dei skulle vera urealistiske og umoglege.

tt

Oddmund har rett, men i tillegg spør eg nok ei gong korfor dei 1400 skal vera eit argument mot dei 140.

Ibm

>! Labovs konklusjonar vart slukt rått. Ei tekstbok frå 1979 oppsumerte at >Labovs arbeid hadde vorte godteke utan mykje kritikk. Peter Trudgill førde

>resultati yver til England i 1975 med boki Accent,Dialect and the school.  
>Denne boki vart helst velkommen i Times Educational Supplement as a  
>salutary antidote to the obsession with standard English which has been  
a

>feature of our educational system". Labov vart sett høgt upp på  
>pensumlistene i England etter dette.

>2 Bernsteins teori um dei two kodane vart uglesett og miste all vitskapleg  
>frægd. Bernstein vart stempla som politisk ukorrekt.

tt

71

**høgresida prøver å framstile seg sjølv som stakkarslege minoritatar medan dei i røynda sølvsagt har bukta og begge bakgårdskattene. Omgrepet "politically correct" er livsfarleg, det blir brukt av høgrseida i USA til å stemple venstreideologi som apriori feil (bilingualism, mother tongue education, anti-tobacco laws, feminist claims, you name it, all of it is "politically correct" and should hence be avoided). Les susan falludi si bok "Backlash" og du ser kven du mengar deg med.**

lbm

>Honey syner til Deborah Camerons bok ideologies inn language. Ho peikar på

>at motstanden mot ideen um at det skal nyttast svart engelsk i skulebøker

>er stor millom svarte foreldre. Serleg stor er motstanden av di dei kvite

>talsmennene for svart engelsk, ikkje kunde tenkja seg å gjeva sine eigne

>born upplæring i svart engelsk !!! (...) Korleis det kann vera råd å

>samanlikna nynorsk med svart engelsk er ei gåta for meg? Samnorsk er ordet.

tt

Nei, black english veracular (bev) er ikkje samnorsk. bev er nynorsk i det dansknorske kongeriket, plattysk i tyskland, osb. osb. Svaret #mitt# er "snakk dialekt - skriv nynorsk", for kvenar "snakk kvensk - skriv rikssfinsk, og for svarte i USA "snakk BEV-skriv standard american english SAE. Når "bev" er å skrive ordet for "natt" som "nite" i staden for "night" ser vi kor lite dette har med språk å gjera, så lenge både SAE og BEV #uttaler# [nait] er det ei logisk kortslutning å tru at <nite> er "bev"-skrivemåte. #Ingen# har til no gjort framlegg om å lage eit bev-skriftspråk, derimot har det vakse fram ein måte å skrive bev på som blir brukt i skjønnlitteratur (t.d. i teikneserier, tilsvarande t.d. måten "talespråksfinsk" blir skrive i finske blad av det nye-typen). Eit seriøst framlegg om å gjera bev til skriftspråk er sjølvsagt fullt mogleg, dette er det bev-talarar sjølv som må styre med, og ikkje lingvistar, men det er som sagt ingen ting som tyder på at det er i kjømda.

oh:

Konklusjonen (bort med anti-aktivismen hjå sosiolingvistane) er eg mykje samd i, og då er me inne på det tidlegare ordskiftet. Trond skreiv ein gong:

>Elles ser eg lite til at det politiske grunnsynet

>går att i sjølve reslutata, politikken til sandøy finn du i valet hans av

>forskningsobjekt (dialektar heller enn språket til t.d. Jens Bjørneboe eller

>Karl Glad, eller Kjartan Fløgstad, Ø.B.karlsen eller O.H.Hauge for den del)

>og ikkje i forskningsresultata hans (t.d. i detaljane i syntaksen i

>vestnordiske aspektkonstruksjonar)

Held me oss til sosiolingvistikken, er det på ingen måte så vel at det politiske grunnsynet einast kjem til uttrykk i valet av forskningsobjekt.

72

**Når dialektendringar og variasjon skal forklaraast, kryr det med dåleg løynde (og meir eller mindre hjelpelause) målpolitiske vurderingar. Ein kan sjølv sagt innvenda at dette er dåleg forsking. I tillegg er mange av forskarane aktive målpolitikarar som brukar den vitskaplege posisjonen sin til å agitera for at det stirr mot naturen å arbeida mot dialektendringar og bokmålisering.**

tt

**Du har nok rett i det, eg har vel lese andre dela av forskinga deira betre enn sosiolinguistikken. Utan å vurdere denne forskinga som eg ikkje kjenner**

**så godt vil eg svare at ja, så lenge det du finn er løynde og hjelpelause målpolitiske haldningar, så er det dåleg forsking. Politikk i lånte fagfjør er det forsåvidt framforalt Finn Erik Vinje som er namngjeten for (takk til tove bull som tok på seg rola som den vesle guten i eventyret), slike vinjetendensar har eg ikkje sett hos sosiolinguistane, men eg har kanskje sett for dåleg etter.**

oh

**Lars Bjarne vil slå i bordet for å få nordistane og lingvistane til å forskar på målpolitisk relevante ting, medan Trond vil forskar på det han er interessert i:**

- >- Grensa for bortfall av distinktivt tonelag i nordnorsk
- >- Vilkåra for overgang frå fire-til-tre-til-tokasussystem for norske (... osb. andre interessante ting)

>Så skjer følgjande: 1. Lars Bjarne slår i bordet: Dette er ikkje målpolitisk relevant!! 2. Trond går og sett seg ved eit anna bord. Det burde ikkje Trond gjera (i allfall ikkje LB slår i bordet på ein høfleg måte).

tt

**Jau, eg vil framleis det (bortsett frå at eg ikkje går, eg sitt tvert i mot her og skriv alt for lange innlegg). For lb vil ikkje berre ha #inn# sine prosjekt, han vil ha #ut# mine, fordi dei er "upolitiske", målpolitisk irrele**

Honey syner til Deborah Camerons bok ideologies inn language. Ho peikar på at motstanden mot ideen um at det skal nyttast svart engelsk i skulebøker er stor millom svarte foreldre. Serleg stor er motstanden av di dei kvite talsmennene for svart engelsk, ikkje kunde tenkja seg å gjeva sine eigne born upplæring i svart engelsk !!! Etter mitt syn, er det vanskeleg å sjå likskapar til visse

73

samnorskideologar frå Arbeidarpartiet,td.utanriksråd Hallvard M. Lange som sat i Oslo-skulestyre i 1939 og innførde samnorskformene. Karen nytta eit framifrå riksmål,men folket skulde nytta samnorsk. Men når borni til slike folk fekk samnorskformer i bøkene sine fekk pipa ei onnor læta. Når ein vert so upphengd i ideologi at ein ikkje er ljodvar for kva folk vil,er ein på ville vegar. Korleis det kann vera råd å samanlikna nynorsk med svart engelsk er ei gåta for meg ? Samnorsk er ordet. Når ein ser burt frå at talemålsnormering framleis er legitimt i England, kann ein segja at på same måte som ingen er mot dialektane i Noreg er det neppe nokon som er mot dialektane i England,men alt til sitt bruk.

>Trond skreiv

>som ) politikken hans, på angrepet hans på den amerikanskje venstresida  
>(han ser ut til å vera ein del av backlashsyndromet,..

OK 74

><<amerikanske samfunnet sine stupide fordommar).

>

>Eg hev med vilje halde attende at eg hev høyrt at fyren er  
>sosialdemokrat, men for sume er vel slike skilnader uviktige. Eg veit ikkje  
>um det er relevant, men Honey er dessutan engelsk. Eg hugsar ikkje um eg  
>nemnde det.

Velvel. Som ein kvar norsk kulturdebatt skriv eg om ei bok eg ikkje har lese, dvs. det eg prøver å gjera er å reise ein debatt #uavhengig# av boka. Nei, i mange samanhengar er skilnaden mellom ein sosialdemokrat og ein republikanar eller demokrat uviktig, noko som går fram av døgnkontinuerlege TV-overføringer for tida. I andre samanhengar er det viktig. T.d. kan den sosialdemokratiske bakgrunnen hans forklare korfor han kritiserer venstresynspunkt "frå venstre", dvs. at han hevdar at politikken hans er til fordel for arbeidarklassen, og at han (til skilnad frå LB?) ottast for at skriftspråkleg pluralisme i praksis vil fremje elitistiske tendensar i skoleverket.

Engelskmenn er, med god grunn, opptekne av at britisk engelsk tapar terren mot amerikansk. Det at han er engelsk forklarer korfor han skriv om dette. Elles er høgre-venstre-aksen litt ulik i UK enn i US, men også England har hatt sine liberale pedagogar, sjølv om dei har vore meir opptekne av rettskriving enn av talemålsnormalisering (ca. 1970 lærte engelske ungar å skrive engelsk med ei ny rettskriving, med spesialbokstavar, der det var meininga at dei skulle lære standard engelsk rettskriving etter kvart). Så backlashtendensar finst i England og.

Er det han skriv provoserande på norske lingvistar, og har dei (vi) i tilfelle godt av det?

Det provoserande er ikkje at dette blir hevda (NM sende meg nett ein url til "bokmålsforbundet" eller noko slikt, på Hamár, utan at eg dermed vart noko særleg provosert). Det provoserande er at desse ideane får innpass i ein del viktige fora der dei burde ha vorte slått attende: Hos utdanningsstyresmakter, og hos norske målfolk som er skeptiske til dialektpedagogikk.

